



# ÅRSMELDING

for

*Tysnes kommune*

2008

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
09/107	3834/09	001	FSK/FEL/ESLI	

## ÅRSMELDING 2008

<u><a href="#">Innleiring</a></u> .....	3
<u><a href="#">1.ØKONOMI</a></u> .....	6
<u><a href="#">1.1 Utvikling i frie inntekter</a></u> .....	7
<u><a href="#">1.2 Utvikling i kommunen sine fond</a></u> .....	8
<u><a href="#">2. Årsrapport for sektorane</a></u> .....	9
<u><a href="#">2.1 Sentraladministrasjonen</a></u> .....	9
<u><a href="#">2.1.1 Organisasjon</a></u> .....	9
<u><a href="#">2.1.2 Politisk aktivitet</a></u> .....	10
<u><a href="#">2.1.3 Økonomisk resultat</a></u> .....	10
<u><a href="#">2.1.4 Oppnådde resultat</a></u> .....	10
<u><a href="#">2.1.5 Samla vurdering</a></u> .....	16
<u><a href="#">2.2 Undervisning</a></u> .....	16
<u><a href="#">2.2.1 Organisasjon</a></u> .....	16
<u><a href="#">2.2.2 Politisk aktivitet</a></u> .....	18
<u><a href="#">2.2.3 Økonomisk resultat</a></u> .....	18
<u><a href="#">2.2.4 Oppnådde resultat i høve til handlingsprogram</a></u> .....	18
<u><a href="#">2.2.5 Fråvær</a></u> .....	18
<u><a href="#">2.2.6 Samandrag</a></u> .....	21
<u><a href="#">2.3 Helse og sosial</a></u> .....	23
<u><a href="#">2.3.1 Økonomisk resultat</a></u> .....	23
<u><a href="#">2.3.2 Utviklingstrekk i etaten</a></u> .....	23
<u><a href="#">2.3.3. Helseavdelinga</a></u> .....	24
<u><a href="#">2.3.4 Sosialavdelinga</a></u> .....	29
<u><a href="#">2.3.5 Pleie- og omsorgsavdelinga</a></u> .....	29
<u><a href="#">2.4 Landbruk- og teknisk etat</a></u> .....	34
<u><a href="#">2.4.1 Organisasjon</a></u> .....	34
<u><a href="#">2.4.2 Politisk aktivitet</a></u> .....	35
<u><a href="#">2.4.3 Økonomisk resultat</a></u> .....	35

<u>2.4.4 Oppnådde resultat i høve handlingsprogram/budsjett .....</u>	35
<u>2.4.5 Samla vurdering .....</u>	51

## **Innleiing**

Det er no meir enn 20 år sidan Tysnes kommune utarbeidde si første årsmelding for heile verksemda. – På desse åra har det skjedd mykje i kommunen og det har også vore ein del endringar og justeringar i leisten for årsmeldingsmalen. I arbeidet med gjeldande kommuneplan var det eit delmål å få samordna arbeidet med årsmeldinga med budsjettarbeidet og med framtidig rullering av kommuneplanen. Ei slik samordning kan gje vinstar både når det gjeld effektivitet og kvalitet. Årsmeldingane dei siste 5 åra har framstått som ein mellomting av det opplegget me tidlegare hadde og malen det var lagt opp til. Me har fått gode tilbakemeldingar på desse årsmeldingane, og meldinga for 2008 vert derfor skoren nokolunde over same leist.

Heilt på tampen av 2008 fekk kommunen den historiske meldinga om at me skal få Kongeleg vitjing i juni 2009. At Kongen og Dronninga kjem til Tysnes den 16. juni er stort i seg sjølv, og besøket gjev oss ein ekstra ”drive” opp mot framtidsperspektivet i denne meldinga for 2008! Med denne storslegne vitjinga får me eit heilt unikt høve til å setja Tysnes ”på kartet”! Me kan gjennom dette vidareutvikla og framheva dei mange positive og særmerkte kvalitetane som er knytte til vår eigen historie – så vel som alle dei som er her i dag frå fjord til nut!

Ei anna gladmelding for 2008 er at sjukefråveret i verksemda har gått ganske mykje ned. Sjukefråversprosenten for 2008 vart 5,92. Gjennomsnittet for norske kommunar i 2008 var på 9,6 %. – Dette indikerer gode relasjonar og oppfølging frå både tilsette, leiarar og organisasjonar. Kommunestyret som overordna organ, også opp mot den formelle arbeidsgjevarollen, må klart kunna ta merksemrd av ei slik god utvikling.

Våren 2008 vart medarbeidarundersøkinga gjennomført. Kort fortalt gjekk det på å finna svar på korleis dei tilsette opplevde sin eigen arbeidssituasjon. Undersøkinga har vorte følgt opp og vil framleis vera det. Resultatet av dette arbeidet bør kunna vera eit viktig referansedokument for den framtidige personalpolitikken i kommunen.

Tysnes kommune har generelt ein styrke i stor stabilitet i arbeidsstokken. Det kan hevdast at det er i minste laget med ”sirkulasjonen” - kanskje særleg i administrative stillingar. Føremønene ligg likevel klart på plussida. Store ”tørnover” vil så godt som alltid ”kosta meir enn det smaker”. – I 2008 fekk me prøva kva det vil sei å ”mista” sentrale brikker i det administrative apparatet. Me har løyst fråvera med å konstituera andre tilsette i desse sentrale stillingane. Pr. årsskiftet hadde me konstitusjonar i følgjande stillingar: Helse- og sosialsjef, økonomisjef, pleie-og omsorgsleiar og styrar sjukeheimen. IT – leiarjobben står til dels, og i realiteten, i vakansie – noko som til ei viss grad og i periodar fører med seg litt ”støy”. Det er heller ikkje ei ordning me kan ”leva med.”

Kommunestyret vedtok i desember 2008 å tilleggja personalrådgjevar Steinar Dalland rolla som assisterande rådmann frå 01.01.09. Etter dette er me organiserte slik mange andre både små og større kommunar er. Ein slik nestleiar/”stedfortreder” for rådmannen skaper klarare og sikrare interne liner i organisasjonen. Det bør også vera klargjerande eksternt og for innbyggjarane våre. Ei slik organisering bør også kunna styrkja omdømet til kommunen.

Kommunen har gjennom 2008 hatt nært samarbeid med NAV på fylkesnivå og det lokale NAV-kontoret med sikte på etableringa av nytt og fullverdig NAV-kontor her i rådhuset. Det meste er no på plass både av formaliserte avtalar og fysiske lokalitetar. Det nye kontoret i rådhuset opnar 12. mai og den formelle opninga vil vera markert 19. juni. – Tre stilingsheimlar ved helse- og sosialetaten, sosialeiar og to konsulentar, vert integrerte i NAV-

kontoret. Ein av stillingane, sosial, går inn som ein del av NAV-kontoret, medan dei to andre, barnevern, vert samlokaliserte i NAV. Tysnes kommune gav i 2008 sin aksept for at den første leiaren ved det nye kontoret vert ein statleg tilsett. – Me ser at denne organiseringa inneber endringar for tre av våre tilsette. Utover desse vil dei fire tilsette på skulekontoret reint fysisk verta samlokaliserte med dei som arbeider på helse- og sosialkontoret.

2008 var det første av dei to åra for tiltaksprosjektet, som sprang ut av strategisk næringsplan frå 2006. Det vert i desse dagar lagt evalueringar for år 1 både i prosjektgruppa og styringsgruppa. – Kommunen har røynsle frå eit tilsvarande, om enn annleis, prosjekt tidleg på 90-talet. – Det kjem mykje bra ut av både prossessar og anna i slike tiltaksprosjekt – så også i dette tilfellet med ein engasjert samfunnsutviklar. Med røynsle frå eitt og eitt halvt prosjekt, er me framleis spørjande til om slike prosjekt ”skapar meir enn dei kostar.” Prosjekta krev mykje av heile den kommunale organisasjonen. Ved å setja i gang slike prosjekt har me gjort klare prioriteringar. Me må innsjå at ei kvar prioritering som er ressurskrevjande, går føre og som regel dempar andre ønskete satsingar. Det igangverande prosjektet er tilliks med det første eit reit kommunalt prosjekt – føringane og føresetnadene opp mot næringslivet sitt finansielle engasjement var annleis for dette to-årige tiltaket, men dette har ikkje slått inn.

I budsjettet for 2008 valde kommunestyret å budsjettera med bruk av meir enn 4 mill kr av oppsparte midlar for å få drifta til å gå rundt. Rekneskapen syner at me kom gjennom 2008 svakare enn budsjettet. - Det er ein realitet at me ikkje kan halda fram med å tera på oppsparte pengar for å få drifta til å gå rundt. Dette har kommunestyret no teke konsekvensen av. Budjettet for 2009 når heller ikkje opp i forhold til handlingsregelen, men fylkesmannen har likevel gjeve positive tilbakemeldingar. Fylkesmannen har også peikt på at det vert lagt opp til eit heller ekspansivt investeringsprogram i perioden, men han tykkjer godt om at kommunestyret har makta å halda på praksisen med stram nedbetalingsplan for låna.

Administrasjonen brukte ikkje ubetydeleg tid i 2008 for å koma fram til ulike sparetiltak i drifta både for 2008 og ikkje minst på sikt. I administrative stillingar hadde me for eksempel både styrte og ikkje-styrte fråver som gav oss fleire hundre tusen i mindre lønsutgifter. Me har likevel hatt auka forbruk på ein del underkapittel i verksemda. Dei lokale forhandlingane hausten 2008 slo rimeleg tungt ut blant anna utifrå at ”potten” var høgare enn nokonsinne. Dette saman med at reguléringspremien m.v. tok storparten av dei midlane som var budsjetterte til føremåla, gjorde at hovudkapitla i liten grad fekk kompensasjon for lønsauken.

Me har ein desentralisert struktur, noko som medfører økonomiske utfordringar både i høve ei optimal utnytting av personalressursar og opp mot bygningsmassen. Sistnemnde er nødvendigvis større enn om me hadde hatt meir sentralisering. Med mange og til dels gamle bygningar dukkar det stadig opp nye problemstillingar m.o.t vedlikehald, rehabilitering m.m. Samstundes er det ei stadig utvikling av nye krav til offentlege bygg, og vert ikkje desse følgde opp innan rimeleg tid, medfører dette pålegg og til slutt tvang frå ytre statlege instansar. – Krav frå Arbeidstilsynet ligg i botnen for fleire av dei større investeringsprosjekta som ligg inne i budsjettet og økonomiplanen. Uggdal skule er under full rehabilitering og skal vera klar til bruk ved skulestart i august i år. Onarheim skule skal også rehabiliterast om enn i noko mindre målestokk. – Krav frå Arbeidstilsynet gjorde det også nødvendig og naturleg å sjå nærmare på barnehagestrukturen i 2008. Etter mykje ”om og men” vart det avklart seinhaustes i fjor at kommunestyret sitt vedtak om å etablera fellesbarnehage ved skulen og fleirbrukshallen på Gjerstad for krinsane Lunde, Tysnes og Uggdal var både lovleg og forvaltingsmessig i sin fulle orden. Kommunen hadde ein god forhandlingsrunde med aktuell

grunneigar, og sit i dag med underteikna avtale for kjøp av areal til fellesbarnehage og litt til. Området ligg lagleg til og grenser altså opp til både Tysneshallen og sentralskulen.

Forutan dei alt nemnde investeringsprosjekta vart det i 2008 arbeidd mykje med ulike løysingar for rehabilitering av sjukeheimen eller eventuelt å byggja eit nytt omsorgssenter. Saka vart utsett i fjar og skal no utdjupast noko nærmare før kommunestyret gjer det endelege vedtaket om kva investeringsløysing som skal veljast. Gjeldande økonomiplan føreset at kommunen skal føreta rimeleg tunge investeringar på dette feltet.

Kommunestyret gjorde i september 2008 prinsippvedtak om å innføra eigedomsskatt i heile kommunen. Tysnes kommune har ikkje tidlegare hatt skatt på eigedomar. Det er såleis eit historisk vedtak som vart gjort med 14- mot 7 røyster. – I prinsippvedtaket har kommunestyret lagt inn ei klar føring om at eigedomsskatten skal øyremerkast investeringar. Denne skatten skal med andre ord ikkje gå inn i den ordinære drifta. Utover denne føringa vedtok kommunestyret samstundes å redusera driftsbudsjettet med 3,5 mill kr i 2009 og det same i 2010.

Ei anna investering, som me har måttu utsett av forhandlingstaktiske grunnar, er utvidinga/tilrettelegginga av nytt gravplassareal ved kyrkja på Gjerstad. Partane vart til slutt samde om ei minneleg løysing, og det formelle tilretteleggingsarbeidet er no i full gang. Ein fersk framdriftsplan viser at den nye kyrkjegarden kan stå ferdig til bruk til neste sommar.

I 2008 vart arbeidet med stadanalysen for Fjordlandsbyen Våge gjennomført. Oppfølginga av dette arbeidet utløyser naturleg utarbeiding av eit framlegg til reguleringsplan for Våge sentrum. Det formelle reguleringsplanarbeidet er ikkje starta opp, men det føregår sonderingar. Det er elles gledeleg at reguleringsplanen for det nye bustadområdet på Kattaland er ferdig og at sjølvre opparbeidingsarbeidet kan starta no i vår. Likeså at planen for bustadfeltet Vågsmarka 6 straks er klar og at opparbeidinga kan byrja til hausten. Det er óg i gang arbeid med plan for ny veg til Vågsmarka. Fellesbarnehagevedtaket utløyser også krav om utarbeidning av reguleringsplan til dette føremålet på Gjerstad .

Kommunen ser fram til og har store forventingar til dei etableringane som vil koma på det flotte næringsområdet i Nedrevåge! Likeså ventar me i spaning på dei investeringane som bør følgja av dei føresetnadene som er nedfelte i reguleringsplanen som vart vedteken i 2007 for idylliske Godøysund!

Me registrerer med glede at byggjeaktiviteten har vore bra – også opp mot utleige og sal av bustadeiningar.

Me har frå 1996 hatt ei interkommunal innkjøpsordning med kommunane Bømlo, Fitjar, Kvinnherad og Stord. Kommunane har etablert eit samarbeid mot Hordalandet, Hardanger og Hordaland fylkeskommune. Det utvida samarbeidet har gjort sitt til at dei fem kommunane har fått etablert avtalar som elles ikkje ville vore moglege å oppnå. Dette interkommunale innkjøpsforumet forvalter ca 75 rammeavtalar.

Me har ikkje ”spora” at finanskrisa så langt har kome med særleg tyngde her til kommunen. Slike refleksar kjem ofte litt seinare til oss. Men me ser ikkje bort frå at indirekte konsekvensar så smått kan vera med å dempa ein del aktivitetar.

I 2008 gjorde me ein del tekniske oppdateringar på kommunen si nettside. Dette mellom anna for å gjera heimesida meir brukarvennleg. Søkefunksjonen er for eksempel ein del oppdatert. I Norge.no si årlege rangering av kommunale nettsider kom vår side på 3. plass i Hordaland. Me følte dette var bra, sjølv om det står litt att til å slå rekorden me hadde som nr. 1 i landet like etter me hadde etablert sida i år 2003! – Skal me ha ei side som skorer eit stykke opp i desse landsomfattande rangeringane, krevst det ikkje ubetydelig administrativ innsats, særleg frå redaksjonen på rådmannskontoret, men óg frå etatane, for å oppdatera, ajourføra og vedlikehalda sida.

I 2007 og 2008 vart det teke initiativ frå kommunen for å skipa eit ungdomsråd. I desse dagar kan det sjå ut for at rådet kan finna si form og løysing.

Ved utgangen av 2008 var innbyggjartalet 2792. Dette er ein auke på 19 personar frå førre årskifte!

Det vert vidare vist til dei opplysningane, vurderingane og oppsummeringane som er gjorde for kvar sektor.

## **1. Økonomi**

Rekneskapen for Tysnes kommune er gjort opp med eit meirforbruk på kr. 825.953,28 samanlikna med budsjettet

### **INNTEKTER**

#### **Skatteinntekt (art 870)**

Budsjettet skatteinntekt i 2008 var kr. 47.376'. Det er inntektsført kr. 51.949' ca. kr. 4.573' meir enn budsjettet.

I 2007 var skatteinntekta 46.950'.

#### **Rammetilskot (art 800)**

I budsjettet var det lagt inn rammetilskot og skjønstillskot på tilsaman kr. 67.979'.

I rekneskapen er det inntektsført kr. 63.462'. Dette er kr. 4.517' mindre enn budsjettet.

Rammetilskot og skatt utgjer hovudinntektene til Tysnes kommune. I 2008 vart det inntektsført kr. 115.411' mot kr. 111.243' året før. Auken utgjer vel 4,1 mill.

Utgiftene til løn og sosiale utgifter har i samme perioden auka med nær kr. 9,6 mill.

#### **Brukarbetalingar (art 600:619)**

Inntektene er kr. 9.588'. Det er samla ca. kr. 498' høgare enn budsjett.

Innan område 1.2 er det meirinntekt kr. 428'.

Innan område 1.3 helse og sosial er det meirinntekt kr. 69'.

## **Andre sals- og leigeinntekter (art 620:670)**

Det er inntektsført kr. 11.674'. Dette er ca. 1.081' meir enn budsjettet. Inntektene som er ført her er: sal av mat, husleigeinntekter, kommunale avgifter som renovasjon, kloakk og slam. Under denne posten finn me og inntekter for oppmåling og byggesaksgebyr.

## **Overføring med krav til motyting (art 700:780)**

Inntektene er på kr. 27.430' mot revidert budsjett kr. 20.666'. Avviket er på kr. 6.764'.

Det er inntektsført sjukepengar og fødselspengar på kr. 4.106' mot revidert budsjett på kr. 1.178'.

Statstilskot til barnehagar er inntektsført med kr. 4.896', psykiatrien fekk 2.790' og "tunge" brukarar fekk kr. 4.391'. Ulike refusjonar frå fylkeskommunen utgjer kr. 1.653'. Vidare er refusjonar frå andre kommunar kr. 1.656'. Refusjonar frå andre kr. 395'. Andre refusjonar frå staten utgjer resten.

## **Andre statlege overføringer (art 810)**

Inntektene her er: kompensasjon for renteutgifter skulebygg og omsorgsbustader/ sjukeheimslassar og bustønad. Der er i 2008 inntektsført kr. 4.617' som er 1.128' meir enn opprinneleg budsjett.

Det er auka inntekt på rentekompensasjon i 2008 pga auka rentenivå i starten av året.

## **UTGIFTER**

### **Lønsutgiftene**

Utgiftene til løn utgjorde kr. 101.980' mot 94.322' i 2007. Dette utgjer ein auke på 8,11 %. Dei sosiale utgiftene utgjer kr. 25.822'. Året før var dei sosiale utgiftene kr. 23.886'.

### **Renter/avdrag**

Utgifter til renter og avdrag minus inntekter renter og avdrag utgjer ein nettoutgift på 8,2 mill. Det er om lag som budsjett. Ser me attende til 2007 var nettoutgiffa kr. 7,2 mill.

Lånegjelda er siste året redusert med kr. 406'. Ved årsskiftet var lånegjelda kr. 103.872'.

På grunn av store låneopptak er likviditeten god. Det er ved årsskiftet plassert 21,5 mill. i Fondsforvaltning AS sitt fond, pluss likviditet.

## **1.1 Utvikling i frie inntekter**

	Rekneskap Mill. kr.	Rev Budsj. 2008	Budsjett 2008	Rekneskap 2007	Budsjett 2007	Rekneskap 2006
--	------------------------	--------------------	------------------	-------------------	------------------	-------------------

<b>Skatt</b>	51,949	47,376	47,376	46,950	45,480	46,422
Rammetilskot	62,547	67,064	67,064	62,818	64,232	61,566
Momskompensasjon	0,454	2,563	2,563	0,528	1,417	0,740
Refusjon Reform 97/						
Komp. Skulebygg	0,878	0,860	0,860	0,742	0,650	0,604
<b>Komp.sjukeh/omsb.</b>	<b>1,428</b>	<b>1,410</b>	<b>1,410</b>	<b>1,253</b>	<b>1,150</b>	<b>1,087</b>
<b>Skjønnsmidlar</b>	<b>0,915</b>	<b>0,915</b>	<b>0,915</b>	<b>1.475</b>	<b>0,900</b>	<b>0,900</b>
<b>Sum</b>	<b>118,171</b>	<b>120,188</b>	<b>120,188</b>	<b>113,766</b>	<b>113,829</b>	<b>111,319</b>

## 1.2 Utviklinga i kommunen sine fond

1000 kr	Rekneskap 2008	Rekneskap 2007	Rekneskap 2006	Rekneskap 2005
Bundne driftsfond	6.383	10.499	9.347	8.649
Dispositionsfond	8.594	8.924	9.487	9.709
Bundne investeringsfond	713	369	21	280
Ubundne investeringsfond	85	85	85	85
<b>Sum</b>	<b>15.775</b>	<b>19.877</b>	<b>18.940</b>	<b>18.723</b>

### Konklusjon

Det vart budsjettet med eit negativt netto driftsresultat på kr. 4.260.601,- i opphaveleg budsjett. Dette skulle dekkast inn ved fondsbruk på kr. 4.600.001,- og fondsavsetjing på kr. 339.400,-.

Kommunestyret vedtok også å henta inn 748 tusen kroner frå fondsmidlar for å finansiera arbeid med Hopsund bru. Med desse midlane var det føresett at drifta skulle gå i 0 i budsjettet.

Rekneskapen viser eit negativt netto driftsresultat på kr. 6.004.319,45. Det er henta inn midlar frå fond ved kr. 5.178.366,17 i netto fondsbruk. Differansen vert då eit rekneskapsmessig meirforbruk samanlikna med budsjettet på kr. 825.953,28.

Me var heldige i 2008 ved at me fekk eit positivt premieavvik for pensjonsordningane på 2,966 millionar kroner. Eit slikt positivt premieavvik vart inntektsført i rekneskapen. Dette er eit tal som kan variera mykje frå år til år, og kan like gjerne slå annaleis ut neste år. Utan dette premieavviket hadde meirforbruket vore om lag 3,8 millionar i 2008, noko som i så fall ville ha gjort eit tilsvarande innhogg i fonda.

Det skulle i og for seg ikkje vera så problematisk å måtta saldera eit årsbudsjett ein og annan gangen med hjelp av oppsparte midlar. - Men dette bør me vera varsame med. Me har ikkje

uavgrensa mengder med oppsparte midlar. Driftsnivået er høgt og me har lite og ikkje handlingsrom. Noko som likevel dreg litt i rett lei, er innføringa av eigedomsskatt for å dekka noko av dei høge investeringane som er vedtekne i økonomiplanperioden.

Me er på rett veg!

Det ligg som alt nemnt innstramingar i drifta i budsjettet for 2009, og det er gjeve føringar om likeså for 2010. Dette saman med innføringa av eigedomsskatt gjer at inneverande økonomiplanperiode bør kunna verta "til å leva med."

Me må likevel både frå politisk- og administrativ side stå saman om å styrkja handlingsrommet vårt i åra framover. Me bør sjå både på strukturar og anna for så langt råd er å byggja opp styrke til å gjennomføra dei mange og store "handlingane" som er påtenkte. - For å kunna lukkast i eit slikt arbeid er det uhyre viktig at heile organisasjonen dreg i same retning. Me må kunna stola på at når vedtak er gjorde i kompetente organ, ja, så skal dei som klar hovudregel gjennomførast. Det er få ting som slit meir på ein organisasjon enn omkampar og uvisse. I neste fase dreg slike tilstandar med seg at iverksetjinga av vedtak/prosjekt vert dregne ut i tid, med oftast dertil auka utgifter både på drift og investering. - Ei mogleg omdømesvekking kan verta krevjande å reparera, og ho kan fort verta den aller høgaste "kostnaden" i "sluttrekneskapen".

Tysnes rådmannskontor, 15. april 2009

Audun Hovland  
rådmann

---

Anders Teigen  
økonomisjef

## 2. Årsrapport for sektorane

### 2.1 Sentraladministrasjonen

#### 2.1.1 Organisasjon

Sentraladministrasjonen har m.a. følgjande arbeidsoppgåver:

- saksførebuing og oppfølging for politiske organ
- overordna styring vis a vis etatane
- ekspedering av saker

- driftsansvar for kommunen sine økonomifunksjonar
- oppsyn med fellestenestene

Sentraladministrasjonen er delt inn i rådmannskontoret og økonomikontoret. I delar av 2008 har begge kontora hatt stillingar i delvis vakanse.

Årsverk	faktisk	plan
	2008	2009
Sentrale administrativ funksjonar	9,0	9,0
Tenester: kultur,bibliotek, idrett miljø, flyktning og næring	2,2	2,2
Sum	11,2	11,2

## 2.1.2 Politisk aktivitet

Tal saker til politisk handsaming

Utvale	2005	2006	2007	2008
Kommunestyre	63	56	104	62
Formannskap	111	100	109	133
Adm	-	-	12	15
Klagenemnd	-	-	-	-
Andre	6	13	43	22

## 2.1.3 Økonomisk resultat

Her viser me til tala som er lagde fram her i årsmeldinga, samt til rekneskapen for 2008.

## 2.1.4 Oppnådde resultat

### Administrasjon og leiing

For å få meir ut av ressursane er me stadig på jakt etter betre måtar å løysa oppgåvene våre på. Målet er heile tida å finna ein balanse mellom budsjett, tenester og menneskelege ressursar.

Me må også heile tida vurdera kva nivå me skal leggja oss på for å gje eit fullnøyande servicetilbod. Føresetnadene endrar seg rimeleg raskt.

For oss som arbeider i ein kommune, som er ein mangslungen organisasjon med ei rekke ulike oppgåver og funksjonar, er det elles alltid ei utfordring å trekka i lag. - Dette gjeld kanskje særskilt når mange opplever nedskjerings eller frysing av sine delbudsjett. Det er nok elles også ein del som ikkje tenkjer over at me er tilsette i same verksemda, sidan me har til dels svært ulike gjeremål. Me synest framleis å ha ein del å gå på før me tenkjer som ei verksemnd. - Når det er sagt er Tysnes kommune heldigvis jamt over velsigna med dyktige og arbeidsame tilsette som gjer ein god jobb.

## **Vedtaksoppfølging**

Kommunestyret vedtok i møte 10.10.06 eit system for oppfølging og effektuering av politiske vedtak. Saka kom opp etter opptak frå kontrollutvalet.

I årsmeldinga for 2007 nemnde me at nokre saker måtte skyvast ut i tid av blant anna kapasitetsgrunnar.

Me har ikkje fått meldingar frå etatane om spesielle utfordringar med konkrete vedtaksoppfølgingar.

Generelt er det ofte slik at ein del oppgåver av heilt naturlege grunnar vert gjennomførte over fleire år. Me kjem kanskje oftast bort i det i ulike investeringsprosjekt, men det kan også gjelda meir driftsrelaterte forhold. – Kommunestyret vedtok for eksempel i 2007 at kommunen var innstilt på å selja skulehuset i Solheimsdalen til grendalaget for kr. 1,-. Men eigedomen måtte først klargjerast for heimelsoverføring – desse kostnadene skulle grendalaget ta. Dei oppmålingstekniske forholda vert utført i desse dagar. Endeleg heimelsklarering og overføring vil koma i tur og orden.

I årsmeldinga for 2007 vart det nemnt at det etter opptak frå kontrollutvalet vart valt eit ad-hocutval som skulle sjå nærrare på korrupsjons- og etikkspørsmål. Utvalet kom ikkje i gang med arbeidet sitt. I kommunestyremøte i september 2007 vart det vedteke at administrasjonen skulle setja i gang arbeid med å rullera kommunen sine etiske retningsliner frå 2001. – Mot slutten av 2008 sende me ut eit utkast til nye retningsliner følgt av ein del spørsmål/oppgåver. Utkastet vart sendt både til dei politiske partia, fagorganisasjonane og etatane. Me har fått ein del tilbakemeldingar. Me reknar med å leggja fram ei endeleg sak om dette no i vår.

## **EDB**

Datatilsynet stiller strenge krav til handsaming av sensitiv informasjon som t.d. pasientjournalar og barnevernssaker. Ulike statlege organ stiller krav til rapportering via IT-baserte fag-system av ymse informasjon gjennom KOSTRA. Dette gjer at me i mange høve må føreta investeringar og programvareoppdateringar som elles ikkje hadde vore naudsynte.

Me har både formelt og uformelt samarbeid med andre kommunar innan fleire område. Eitt område er kart på nettsidene. Saman med 18 andre kommunar i Nord-Rogaland, Sunnhordland og Hardanger har Tysnes kommune lagt ut tekniske kart på internett på [www.fonnakart.no](http://www.fonnakart.no).

## **Personal**

Arbeidsmiljøutvalet hadde 4 møte og 19 saker til handsaming i 2008.

Før lokale forhandlingar i 2008 vart lønspolitisk plan gjennomgått i samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane. Det vart gjort endringar i planen både i forhold til lønskriteria og forhandlingsordninga.

Tysnes kommune sitt permisjonsreglement vart gjennomgått og oppdatert slik at det er i samsvar med gjeldande lov- og avtaleverk.

Våren 2008 vart det gjennomført ei undersøking av tilsette si oppleving av eigen arbeidssituasjon. Undersøkinga gjekk ut til alle tilsette og har vorte følgt opp på den einskilde arbeidsplass etter dette. Resultatet frå undersøkinga vil vera eit viktig referansedokument for utvikling av personalpolitikken i Tysnes kommune.

Verneområda vart litt omorganiserte i 2008. Det har vore lagt vekt på å få verneområde som framstår som logiske og relevante. Talet på verneområde er det same som tidlegare.

Det vart gjennomført 40 timars grunnkurs i arbeidsmiljø for verneombod, AMU-medlemer og verneleiarar i verksemda. Kurset vart gjennomført i samarbeid med bedriftshelsetenesta og hovudverneombodet i Tysnes kommune.

Arbeidet med etiske retningslinjer vart starta opp i 2008 og det har vore gjennomført ein grundig prosess i organisasjonen med siktet på å forankra og gje innspel til retningslinene før desse vert lagt fram for politisk nivå i 2009.

Arbeid med kvalitetskommuneprogrammet har også stått på lista over gjeremål i 2008, og sjølv om me skulle ønskt at me var komne lengre på mange område, har det likevel skjedd noko i året som ligg bak oss. Det er mellom anna starta eit delprosjekt som ser på nærvær, det har vorte gjort eit arbeid med oppfølging av arbeidsmiljø på den einskilde arbeidsplass, det er også sett i gang eit prosjekt som går på systematisk lese- og skriveopplæring. Arbeid med å kartleggja brukarane sin opplevde kvalitet ligg føre oss i 2009.

Sjukefråværet i 2008 enda på 5,92 % for heile verksemda, gjennomsnittet for kommunar i Noreg ligg på 9,6 %. Sjukefråværet gjekk ned med nesten 18 % samanlikna med 2007. Dette tyder på at leiatar og tilsette gjer ein svært god jobb i høve til å følgja opp sjukefråvær, i tillegg vil me framheva eit godt samarbeid med bedriftshelsetenesta og NAV.

## **Økonomikontor**

Økonomikontoret har ansvar for kommunen sine økonomifunksjonar; herunder budsjett, rekneskap, skatt, løn og rapportering.

## **Flyktning/innvandring**

Kommunen har sidan 2001 ikkje fått førespurnad frå Utlendingsdirektoratet om å busetja flyktningar og kommunen har heller ikkje eit generelt vedtak om busetjing. Kommunen har likevel uttalt seg positivt i forhold til å motta flyktningar. Me har ansvar for innvandrarar som kjem til kommunen med oppfølging, registrering og vedtak i Nasjonalt introduksjonsregister.

## **Beredskap**

Fylkesmannen i Hordaland hadde tilsyn med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i kommunen i 2007. Tilsynsrapporten konkluderte med at Fylkesmannen ikkje avdekkja avvik under tilsynet. Men han hadde fire merknader.

I 2008 hadde me eit heller omfattande arbeid med rullering av ROS – analysen. Me arbeidde også ut fleire andre planar slik at desse vart betre kopla saman i ein heilskap. I desember 2008 godkjende kommunestyret både analysen av risiko- og sårbare tilhøve og planen for kommu-

nal kriseleiing/overordna beredskapsplan. Me har òg fått godkjent ny plan for livskriser og me har fått rullert smittevernplanen.

## Næring

Det var generelt høg aktivitet i verksemndene i kommunen i 2008.

Tysnes Kraftlag/Tysnes Breiband si satsing på å byggja ut breiband via fiber heldt fram i 2008. Tysnes kommune fekk tilsegn på Høykommidlar til vidare utbygging av Reksteren, området frå Beltestad til Bårdsund og Flatråker. Med desse utbyggingane har Tysnes ei breibandsdekning på ca. 90 %.

Det er vidare gledeleg å sjå byggjeaktiviteten i bustadmarknaden – både på det private plan, men òg opp mot utleige og sal av einingar.

Me er ikkje kjende med at finanskrisa i særleg grad har dempa aktivitetane her i kommunen i 2008.

## Tiltaksprosjektet 3012

Kommunen fekk i 2007 tilsegn om inntil kr. 1,2 mill frå Hordaland fylkeskommune til prosjektet. Formannskapet er styringsgruppe og det er ei prosjektgruppe. Det er tilsett ein samfunnsutviklar i 100 % stilling for åra 2008 og 2009.

Prosjektgruppa har logg over aktivitetar og framdrift/stode. Ajourførde referansedokument ligg på nettet og syner arbeidsoppgåvene og resultata for 3012 i 2008. Referat frå møta ligg òg ute på nettstaden til Tysnes kommune

Programmet har, m.a ved ei rekke dialogmøte og ved hjelp av lokalavisa "Tysnes", skapt eit engasjement ute hos innbyggjarane. I mange miljø er framtida til Tysnes sett på kartet. Ein prosess rundt "tankar om framtida til Tysnes" har vorte forankra hos innbyggjarane. Det er eit positivt steg på vegen vidare. I augneblinken er det ikkje målbart.

Oppsumert har 3012 levert desse tenestene og produkta:

- Vitja omlag 40 verksemder med marknadsføring av 3012 og dialog om utviklings-synspunkt og innspel til 3012/Tysnes kommune.
- Prosjektgruppa 3012 har invitert seg til 9 heildagsarbeidsmøte der leiarane har marknadsført verksemndene og hatt dialog med prosjektet om synspunkt og tiltak.
- Sykkelstreif, kultur, reiseliv, omdøme og mosjonsprosjekt  
Inkludert 5 off. kulturminnetavler og eigen falder.  
Eit spesielt kulturminne, Hope kyrkjegard, er rydda
- Oppsett 4 nye store ajourførte info/turist karttavler
- Marknadsføring.
- Rydding i det offentlege rom
- Konsultativ mentor, Dalsgård
- Dialogmøte med 5 grändalag
- Slagord; inkludering/aktivitet med alle Tysnesingar - forankra i politikken og blant innbyggjarane
- Undervist 8. kl. i gründerskap

- Mentor og gründerhjelp til Årbakka-tilak; "Cecar og Tacitus"
- Lucky Næroset, - "redskap for å skape engasjement og optimisme"
- Reiselivsanalyse; røynsler etter 2008-sesongen og framlegg til forbetringar
- Seløystova-seminaret med 6 ulike etterfølgjande kronikkar i "Tysnes"
- Kassabilutstilling, innovasjon, samspel med skule og næringsliv.
- Undergruppe i 3012 har arbeid med Dii. 1 gründer-innbyggjar der 01.03.09
- Kanskje 50 kontaktar som har nyttiggjort seg ulik service frå 3012
- 250 eposthenvendingar om ulike framlegg/synspunkt/agitering og idéar

Ved inngangen til 2009 kan me ”sjå”:

Levert forprosjekt ”jåtmuseum på Tysnes”

Gudeguide for Tysnes er under arbeid

Hovudguide for Tysnes fordelt på 3 ulike marknader er under arbeid

Reiselivssatsing 2009

Utvila undervisning i gründerskap 10. kl. (18 timer)

I samarbeid med 3 verksemder og skulen/3012, leggja til rette for praktisk hospitering  
klasse **9** hausten 2009

## Bibliotek

Tysnes folkebibliotek har i 2008 vore bemanna med 67 % stilling. Biblioteket har basert seg på å halda ope på kveldstid, då det er mest aktivitet i Tysneshallen, men held også ope på dagtid to dagar i veka.

Eit hovudmål i 2008 var å auka bokutlånet, som var på totalt 4972 bøker og andre medium mot 4248 året før - altså ein auke. Men ein skal ikkje berre døma aktiviteten ved biblioteket etter utlånstala. Ei rekkje andre sider ved biblioteket si verksemd kjem ikkje så lett til syne i statistikken, som m.a. ymse refereransetenester, arrangement osv. Bruken av biblioteket har i denne perioden gått opp, nye låntakarar har kome til og det er all grunn til å tru at også utlånstala framleis vil auka som følgje av ei langsigktig satsing på biblioteket sine tilbod. Biblioteket har vorte ein viktig ”miljøfaktor” i Tysneshallen og er eit populært treffpunkt for mange ungdommar. Ut frå dei ressursane som har vore tilgjengelege for biblioteket, er det rimeleg grunn til å vera nøgd.

Verksemda vil i hovudtrekk halda fram som før. I 2007 vart det innleia samarbeid mellom Tysnes folkebibliotek og fem andre bibliotek i Sunnhordland, m.a. for å utnytta dei felles ressursane betre. Dette samarbeidet har halde fram i 2008, med gode resultat. Det lokalhistoriske aspektet vert ei hovudsatsing for biblioteket frametter, i samarbeid med Tysnes Sogelag – då særleg med å gjera den lokalhistoriske bletsamlinga tilgjengeleg for ålmenta. Sjølv om det vil vera naturleg for biblioteket å byggja opp og disponera ei lokalhistorisk samling, er ein likevel avhengig av eksterne midlar til ei slik drift.

Eit viktig steg mot ei betra bibliotekdrift må vera å auka mediabudsjetten og modernisera det totale tilbodet. Sjølv om biblioteket har flytta inn i moderne lokale er det framleis utstyrsmessig eit av dei därlegaste i fylket – dette gjeld i første rekkje hyller. Det er såleis å ønskja at ein kan få løyvd pengar til nye hyller for å betra lagringskapasiteten, samt anna turvande utstyr.

## **Kultur**

Sentrale oppgåver er m.a. tilskotsordningar, kulturvern, kulturformidling, generelt kulturarbeid, friluftsliv, reiseliv, planarbeid og koordinering.

### **Kulturvern**

Kommunen gjev stønad til prosjekt etter søknad. Kulturminna treng jamnleg skjøtsel og vedlikehald og tilrettelegging for publikum.

### **Kulturformidling**

Leigeavtalen med Årbakka Handelsstad er ikkje lengd. Kommunen gjev stønad til lag og organisasjonar til ulike tiltak.

## **Idrett**

Det har vorte arbeidd med stønadsordningar, planarbeid, anleggsregistrering, kulturmidlar, spelemidlar, søknader og alt sekretærarbeid for Tysnes idrettsråd. Spelemidlar vart tildelt klatrevegg i Tysneshallen og Vodlatun forsamlingshus.

### **Friluftsliv**

Kommunen er medlem av Bergen og Omland Friluftsråd og betaler ein fast sum per innbyggjar i kontingen. BOF held vedlike 10 område.

Rydding, merking og vedlikehald av dei mest nytta turstigane vart utført av fleire friviljuge lag. Laga fekk eit lite tilskot for arbeidet.

### Tysneshallen

Aktiviteten heldt seg godt oppe i 2008. Måndag – fredag var hallen fullt utnytta frå kl. 1700. Handballaktiviteten er stor, og særleg blant dei yngste er det stort tilsig av aktive. Seniordan-sen kvar onsdag samlar folk frå stort sett heile kommunen, og medlemstalet har kome over 40. Spinning har vorte svært populært, og gruppa har tre instruktørar som deler på oppgåva. Bowlinja har hatt nedgang i aktiviteten.

Tysneshallen har vore leigd ut til bl.a.: Minnestund, konfirmasjon, messe, konferanse, dansegalla.

I 2008 vart golvet pussa ned og lakka. Heile hallen fekk dessutan tre strøk beis, noko som delvis vart gjort på dugnad, og delvis gjennom avtale med Tysnes skulekorps og Tysnes idrettslag.

Det kommunale tilskotet er redusert til kr. 371 650. Rekneskapen viser eit underskot på drifta med ca kr. 30.000,-, som vert dekka av tidlegare opparbeidd fond.

Anlegget er mest heilt fritt for hærverk.

### **Barne- og ungdomsarbeid**

Kommunen deltok med innslag under Ungdommen si kulturmønstring, både under fellesmønstringa for Tysnes, Fitjar, Bømlo og Stord og under fylkesmønstringa i Bergen.

Kommunen tok initiativ til og prøvde å få oppretta eit ungdomsråd. Det vert arbeidd vidare med saka for å få etablert eit ungdomsråd i kommunen.

### **Generelt kulturarbeid**

Følgjande tilskotsordningar vart handsama og midlar fordele: Rentestønad, oppstar-tingstilskot, kulturmidlar, underskotsgaranti, leiaropplæringsmidlar og midlar til ungdomslaga. Tysnesfesten fekk tilskot til marknadsføring.

Det er viktig at me sikrar eit godt samarbeid mellom kommunen og lag og organisasjonar, legg til rette for eit godt eksistensgrunnlag for laga og at me stimulerer laga til å læra opp leiarar.

I 2008 deltok kommunen med 3 arrangement under Kystsogevekene.

Me har delteke på reiselivsmesse og vore representerte i referansegruppa for reiseliv i Samarbeidsrådet for Sunnhordland. Vidare har me koordinatorarbeid for Kystsogevekene og kulturarbeidsgruppa. Samarbeid med samfunnsutviklaren og prosjekt 3012.

Det langsiktige arbeidet bør gå mot kulturbasert næring/reiseliv, kulturminne og planarbeid.

### **2.1.5 Samla vurdering**

Sentraladministrasjonen har også i 2008 drive med reduserte ressursar. Ein del av reduksjonen var bevisst opp mot å spara lønsmidlar, medan noko av ressursreduksjonen skuldast sjukdom og andre permisjonar. Tiltaksprosjektet har og ”ete” av dei eksisterande stillingane – særleg opp mot to av konsulentane ved kontoret og sekretariatet.

Oppgåvene står ”i kø” og nye utfordringar dukkar stadig opp. Me er velsigna med politikarar som vil og ønskjer mykje; ja, ofte betydeleg meir enn det som realistisk og på ein fagleg forsvarleg måte let seg gjennomføra. Dette kan til tider vera meir spanande enn det ”smaker”! - Men om me ikkje alltid klarer å halda tidsfristane i forvaltingslova, sørger dyktige og arbeidssame tilsette for at ”hjula” stort sett går rundt som dei skal.

## **2.2 Undervisning**

### **2.2.1 Organisasjon**

Ansvarsområdet for skulekontoret har også i 2008 vore:

- ◆ grunnskulane m/sfo
- ◆ barnehagane
- ◆ kulturskulen
- ◆ vaksenopplæringa

#### Grunnskulen.

Ved utgangen av 2008 har kommunen 5 skular, 3 med elevar på 1.- 6. klassesteget, 1 med elevar på 1.- 4. klassesteget og 1 med elevar på 5.-10. klassesteget.

Ved årsskifte 2008/09 var det totalt 340 elevar i grunnskulane i Tysnes, 234 på barnesteget og 106 på ungdomsseget.

46 elevar gjekk ut av 10.klasse våren 2008, og 33 elevar tok til i 1.klasse hausten 2008. Tabellen nedanfor syner utviklinga av elevtalet på dei ulike skulane dei fire neste skuleåra med utgangspunkt i vedteken struktur, seinast vedtak om samanslåing av opptaksområda for Uggdal og Tysnes skular.

	haust 09	haust 10	haust 11	haust 12
Lunde skule	29	24	22	23
Onarheim skule	28	23	22	19
Reksteren skule	12	11	9	7
Tysnes skule	91	85	77	61
Uggdal skule	73	73	68	69
Sum Barneskulane	233	216	198	179
Ungdomsskulen	106	104	104	115
SUM:	339	320	302	294

### Barnehagen.

Ved utgangen av 2008 hadde 106 barn plass i barnehagane i kommunen. Dette utgjer 84 % av alle barn i førskulealder (f. 2002 – 2006). Det er 30 barn under 3 år i barnehagane, av totalt 50 born i kommunen. (60 %). I aldersgruppa 3-5 år er det 76 born i barnehage (av totalt 78). (99%). Det kan sjå ut som at dekningsprosenten har stabilisert seg dei siste to åra, også når det gjeld born under 3 år. Jfr tabellen nedanfor.

Dekningsgrad	2005	2006	2007	2008
Under 3 år	63 %	61%	60 %	60 %
Over 3 år	100 %	98%	99 %	99 %
Totalt	85 %	84%	84 %	84 %

Med utgangspunkt i fødselstala dei siste fem åra, tek me med ein tabell som syner barnetalet fordelt på krinsar:

Fødselstal	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Lunde	6	1	4	3	4	5
Onarheim	2	1	5	3	2	4
Reksteren	3	2	0	1	0	0
Tysnes	8	10	8	9	8	13

Uggdal	10	7	7	10	10	7
SUM	29	21	24	26	24	29

#### Årsverk og tilsette

I barnehagane har me hatt ca. 27 årsverk. I skulane har det vore til saman ca. 65 årsverk.. Dette inkluderer både pedagogisk personale (ca 48 årsverk) og assistentar (ca 17 årsverk). Det er små endringar i høve til året før.

#### **2.2.2 Politisk aktivitet**

Tal saker til politisk handsaming

Utval	2005	2006	2007	2008
Oppvekst/omsorg	8	12	15	33
Kommunestyret	3	3	3	8

Når et gjeld oppfølgjing og effektuering av politiske vedtak, meiner me at alle vedtak er følgde opp etter føresetnaden.

#### **2.2.3 Økonomisk resultat**

Rekneskapen for 2008 viser at kapittelet brukte kr. 41 431 377 av eit revidert budsjett på kr. 41 205 364. Dette betyr at etaten kjem ut med eit lite underskott i 2008. Underskottet utgjer ca 0,5 % av budsjettet og må seiast å ligga innanfor dei marginane ein må rekna med. Det totale underskottet samsvarar stort sett med auka kostnader til straum i høve til det som var budsjettet. Det vert elles synt til rekneskapen for 2008.

#### **2.2.4 Oppnådde resultat i høve til handlingsprogram**

Etaten utarbeidde i løpet av 2008 ein ny strategiplan for utvikling av skular og barnehagar i kommunen. Planen vart vedteke i oppvekst/omsorg og i kommunestyret, og er retningsgjevande for utviklingsarbeidet dei nærmaste åra. Så langt er ein kome godt i gong med oppfølgjing av denne planen. Særleg viktig er satsinga på den grunnleggjande lese- og skriveopplæringa. På dei nasjonale prøvane har elevane i Tysnes kome därleg ut i høve til landsgjennomsnittet, og når ein i tillegg veit at Noreg er akterutsegla når ein samanliknar seg med dei andre nordiske landa, seier det seg sjølv at dette ikkje er godt nok..

#### **2.2.5 Fråver**

Sjukefråver er noko som kostar det norske samfunnet millionbeløp kvart einaste år. Då er det gledeleg å kunne konstatera at både Tysnes kommune generelt og vår etat spesielt har låge tal på dette området.

Sjukefråver	2007	2008
Skular	4,3 %	3,9 %
Barnehagar	8,1 %	4,5 %
Totalt	5,2 %	4,0 %

I samband med etter måten høge tal for barnehagesektoren i 2007 vart det sett i gong eit delprosjekt innafor kvalitetskommuneprogrammet for å jobba med å få ned sjukefråveret i barnehagane. Dette prosjektet pågår framleis, men det er på det reine at fråveret var på veg ned før dette prosjektet vart starta opp, og det forklarar såleis ikkje heile nedgangen.

## Grunnskulen

- Den vedtekne strategiplanen for utvikling av skular og barnehagar har vore styrande for utviklinga det siste året. Det er meiningsa at denne planen skal justerast og rullerast kvart år før ny plan vert vedteke ved utgongen av fireårs-perioden.

I det første året i inneverande periode vil oppvekstsjefen særleg trekka fram satsinga på grunnleggjande lese- og skriveopplæring. Prosjektet lese-og skriveglede starta opp hausten 2008 og skal i løpet av dei nærmaste åra utvidast til å omfatta både barnehagane og heile skuleløpet. I første omgang er det barnehagen og 1. og 2. årssteg som vert omfatta av prosjektet. Lærarane på desse årsstega vart kursa ved oppstart av skuleåret, og det er oppretta nettverk der dei same lærarane kan møtast jamnleg til erfaringsutveksling undervegs i prosjektet. Når prosjektet vert utvida til å omfatta også 3. og 4. årssteget frå og med hausten 2009, vil det bli lagt opp til kursing av nye lærarar som då vert delaktig i prosjektet. Nettverksmøta vil òg bli vidareførte.

- *Digital kompetanse.*

Medan det i 2007 vart gjennomført ei opplæring for alle lærarane i kommunen med tanke på å utvikla den digitale kompetansen, starta vi hausten 2008 eit liknande opplegg for det pedagogiske personalet i barnehagane.

På skulesektoren har det lagt opp til lokalt initierte kurstilbod for lærarpersonalet samtidig som ein har starta planlegging av opplæring i bruk av læringsplattforma ”It’s learning” for alle lærarane i kommunen. Dette vert sett i gong straks inn på nyåret.

Mykje av hausten gjekk òg med til å utarbeida ny plan for IKT arbeidet i skulen. Planen vart vedteke i oppvekst/omsorg i første møte 2009. Eigen plan for utvikling av IKT i barnehagen vil bli utarbeidd i løpet av 2009.

- *Plan for kompetanseutvikling.*

Det vart utarbeidd ein handlingsplan for kompetanseutvikling i Tysnes-skulen i 2008. Denne planen gav grunnlaget for utbetaling av midlar øyremerka for kompetanseutvikling i skulen. I 2008 fekk kommunen tilført kr. 206 000 av slike midlar.

### *Innkjøp av nye lærebøker.*

Innføringa av ny læreplan for grunnskulen medfører òg behov for å skifta ut lærebøkene. I Tysnes kommune har vi vore varsamme med å gå for fort fram med omsyn til dette. Alle erfaringar tilseier at dei første lærebøkene som kjem ut etter innføring av ein ny læreplan ofte ikkje held ønska kvalitet. Det har difor i 2008 vore jobba vidare med å vurdera nye læreverk. Skulane har òg fått tilført midlar til innkjøp ut over eige budsjett.

- *Skulevurdering*

For å ivareta kravet i § 2 i forskrift til opplæringslova om skulevurdering, har kommunen gått inn for å slutta seg til eit regionalt samarbeid på dette området. Dette samarbeidet kom i funksjon hausten 2004. Våren 2008 vart både Reksteren skule og Lunde skule vurdert, og rapportane var svært positive med omsyn til kvaliteten på det arbeidet som vert utført på desse to skulane.

- *Spesialundervisning.*

Omfanget av spesialundervisning etter enkeltvedtak i skulane i Tysnes ligg høgare enn landsgjennomsnittet. Totalt fekk 36 elevar slik undervisning i 2008. Dette utgjer ca 10,5 % av elevmassen medan landsgjennomsnittet ligg på mellom 6 og 7 %.

- *Klagesaker.*

Kommunen har hatt til vurdering òg klagesak vedk. krav om skuleskyss. Saka vart sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd, og klaga vart avvist.

## **Skulefritidsordning**

- *Målsetjing: Oppretthalda tilbodet på flest mogeleg skular.*

I 2008 har det vore skulefritidstilbod ved alle skulane i kommunen, utanom Tysnes. Ved utgangen av året var det ca. 48 elevar i kommunen som nytta seg av SFO-tilboden. Dette utgjer ca. 38 % av elevane i småskulen. Det har ikkje vore gitt tilbod om sfo i vinterferien og haustferien dette året. Årsaka var at ein ikkje fekk personale til å påta seg denne oppgåva. Oppvekstsjefen vil våren 2009 på ny fremje sak for dei politiske fora for om mogeleg å få til ei permanent og forutsigbar løysing med omsyn til sfo i feriar.

## **Kulturskule**

- *Mål: Utvida tilbodet til fleire uttrykk.*

Aktiviteten i kulturskulen var i 2008 omtrent som i 2007. Totalt fekk 55 elevar undervisning noko som utgjer ca 16 % av elevmassen i grunnskulen. Det har vore undervisning på: Piano, keyboard, gitar, slagverk og messing/aspirantundervisning.  
Kulturskulen sel òg timar til kor og korps.

Det har vore arbeida med å utvida tilboden i kulturskulen, og dette har medført at ein i 2008 også har gjeve ballettundervisning. Det er elles grunn til å merka seg at gitar etterkvart har blitt eit svært populært instrument med mange elevar.

Det er elles vedteke at ei arbeidsgruppe i 2009 skal sjå nærare på drift og utvikling av kulturskuletilboden i kommunen.

## **Vaksenopplæring**

- *Tilbod om norsk m/samfunnskunnskap til flyktningar og innvandrara*

Aktiviteten på dette området har minna mykje i høve til tidlegare år. Hausten 2008 vart det laga eit opplegg for det som i utgangspunktet var 3 personar. Før vi kom i gong, var to av dei ikkje lengre aktuelle og kun ein person fekk dermed dette tilboden. Også denne undervisninga måtte avsluttast på seinhausten, på grunn av morspermisjon.

.

## **Barnehage**

- Det vert drive mykje godt arbeid i barnehagane. Alle barnehagane har laga eigne årsplanar, som m.a. syner at dei arbeider godt med den nye rammeplanen som vart gjort gjeldande frå 1.august 2006. Det har vore svært positivt for etaten at ny barnehagerettleiar kom på plass i 50 % stilling frå 1. august.
- *Kapasitet.*

For første gong hadde kommunen ikkje plass til alle born ved hovudopptaket i 2008 og måtte operera med venteliste. I løpet av året har ein òg teke inn fleire born ut over det ein etter reglane har plass til. Dette har ein kunne gjera ved å auka bemanninga. Det vart vidare vedteke ny praksis ved at treåringane kun skal telja for éin person frå og med januar månad. Det er likevel ei grense for kor langt ein kan strekkja strikken, og i 2009 må ein nok til med midlertidige lokalar for å følgja opp dei nye retningslinene om at alle born har rett til barnehageplass.

- *Vurdering av barnehagestrukturen i kommunen.*

Hausten 2007 vart det vedteke å setja ned eit utval for å vurdera framtidig barnehagestruktur i kommunen. Utvalet bestod av 3 politikarar, 1 representant for barnehagestyraane, oppvekstsjefen, 2 repr. for organisasjonane og 1 repr. frå teknisk etat. Ordføraren var leiar for utvalet som kom med si innstilling våren 2008. Her konkluderte ein med at det skulle byggjast ein ny sentralbarnehage i Våge som erstatning for dei tre barnehagane Myklestad, Vågsmarka og Lunde. Barnehagepersonalet i dei tre barnehagane har vore svært positive til dette, og dei ser fram til at ny barnehage er på plass. Dette fekk ein òg eit politisk vedtak på, men ting har skjedd i ettertid som gjer at mange er usikre på om vedtaket vert sett ut i livet.

- *Plan for kompetanseutvikling.*

Det er utarbeidd plan for kompetanseutvikling i barnehagen. Denne planen gav grunnlag for utbetaling av kompetansemidlar i 2008. Totalt mottok kommunen kr. 20 337 i kompetansemidlar dette året.

- *Utvikling av digital kompetanse i barnehagane.*

Av gjeldande strategiplan går det fram at det skal satsast på å auka den digitale kompetansen til barnehagepersonalet. Hausten 2008 vart det sett i gong opplæring for det pedagogiske personalet tilsvarande det som lærarane gjekk gjennom i 2007. Det er vidare vedteke å utarbeida ein IKT-plan for barnehagesektoren som skal stå ferdig i løpet av 2009.

### *Spesialundervisning.*

Det er ikkje til å legga skjul på at behovet for spesialundervisning aukar også i barnehagane. Dette er eit viktig arbeid med tanke på at det er regjeringa si målsetjing å setja inn tiltak så tidleg som mogeleg. Dette året har 4 born hatt spesialundervisning etter enkeltvedtak noko som totalt har medført auka bemanning tilsvarande meir enn 3 heile stillingar. Ein må vera budde på at desse borna òg vil trenga vidare oppfølgjing når dei kjem i skulen.

## *Klagesaker.*

Kommunen har hatt 2 klagesaker i samband med barnehagetilbodet i 2008. Den eine gjekk på tilbodet om barnehageplass og vart handsama av utval for oppvekst/omsorg. Ein fann her fram til ei løysing som vart akseptert av foreldra.

Den andre saka gjaldt vedtak om spesialundervisning. Denne saka vart sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd. I dette tilfellet fekk foreldra *delvis medhald* knytta opp mot utforminga av vedtaket og tilrådinga frå PPT. Dette vart retta opp.

## **2.2.6 Samandrag**

2008 har vore eit godt år for etaten som står framfor mange utfordringar i åra framover.

På barnehagesida har vi hatt full dekning om ein brukar definisjonen om at alle som søker ved hovudopptaket får plass. Frå og med 2009 er det innført lovfesta rett til barnehageplass for born som er fødde før 1. sept., noko som gjer at kommunen må skaffa plass til alle som ynskjer det. Til hausten kjem ein ikkje utanom oppretting av midlertidige lokale for å koma i mål. Ein tek her sikte på å flytta ein avdeling med 5-åringane frå Vågsmarka og Myklestad til Uggdal skule der det etter rehabilitering og redusert klassetal vil vera plass til desse. Dette vil òg vera det rimelegaste alternativet for kommunen.

I løpet av 2008 fekk me eit politisk vedtak om at det skal byggjast ny barnehage i Våge som erstatning for dei tre barnehagane Myklestad, Vågsmarka og Lunde etter at arbeidstilsynet hadde presentert ei lang liste med utbetrinigar som måtte gjerast i desse barnehagane for å sikra ny godkjenning. Ein slik sentralbarnehage vil vera av stor betydning for kvaliteten på det barnehagetilbodet kommunen kan gje i framtida. Det er likevel ikkje heilt uproblematisk at det på nyåret har skjedd ting i denne saka som gjer at mange føler seg utrygge på om dette vedtaket nokon gong vil bli sett ut i livet.

Det har ikkje vore føreteke endringar i skulestrukturen siste året, men med dei store utfordringane kommunen står framfor på investeringssida, kan ein ikkje utelukka at dette på ny bli eit tema i 2009. Mel.a. syner elevtalsutviklinga ved Reksteren skule at ein om få år vil vera nede i 7 elevar. Vidare vil eit eventuelt oppveksttun i Lunde få konsekvensar både for Lunde skule og Tysnes skule. Det er elles viktig å påpeika at med dei kutta som etaten har måtte føreteke dei seinare åra, er strikken strekt så langt råd er innafor noverande skulestruktur.

Kommunen har vidare ei utfordring når det gjeld arkivering av sensitivt materiale i skular og barnehagar. Pr. i dag har vi ikkje eit system som stettar dei krava som er sett til slik handsaming. Det er likevel god von om at dette kjem på plass i løpet av 2009 om ein vel å gå inn på same system som helse og sosialetaten no har skaffa seg.

I tillegg til dette er det all grunn til å sjå nærare på arkivsystemet for inn og utgående post i einingane, eller snarare mangel på eit slikt system. Situasjonen i dag er på ingen måte tilfredsstillande.

Det er elles gledeleg å kunne konstatera at Tysnes skule har fått ei heilt naudsynt oppgradering av bygningsmassen, sjølv om det framleis gjenstår mykje før skulen framstår som moderne og teneleg. Framfor alt er det behov for ei oppgradering av symjehallen.

Også på Uggdal skule har ein starta opp arbeidet med å imøtekomma krava frå arbeidstilsynet. Når denne skulen er ferdig i løpet av 2009, står Onarheim skule for tur.

I kulturskulen har det vore status quo, men det har vore jobba med å utarbeida nye tilbod. Det som framfor alt er påkrevd, er å finna fram til ein base med eigne varige lokale. Situasjonen i dag er ikkje teneleg og heller ikkje framtidsretta. Det knyter seg òg forventningar til den arbeidsgruppa som no er nedsett for å sjå nærare på drift og utvikling av kulturskulen i vår kommune.

Omfanget av innvandrarundervisninga har vore minkande, men det vil truleg likevel vera trond for dette tilbodet også i åra som kjem.

Oppvekstsjefen vil til slutt peika på bemanningssituasjonen ved skulekontoret. Det har vore til stor hjelp å få inn ein barnehagerettleiar i 50 % stilling. Dette gjer at vi kan følgja opp barnehagane på ein heil annan måte enn tidlegare, noko som var heilt naudsynt for å kunne oppfylla dei krava som vert stilt til barnehageeigarar. Det er likevel eit stort arbeidspress på kontoret ikkje minst i høve til skulesektoren, og det er lite tilfredsstillande ikkje å kunne følgja opp alle sakene på ein god måte. Dette går sjølv sagt ut over kvaliteten på det arbeidet som skal utførast. Ein pedagogisk konsulent i 50 % stilling ville i så måte vore til stor nytte.

### **2.3. Helse- og sosial**

#### **2.3.1 Økonomisk resultat**

1000 kr. i løpende priser

	Rekneskap 2007	Rev.b. 2008	Rekneskap 2008
Utgifter og inntekter			
Sum driftsutgifter			
Sum driftsinntekter			
Sum finansutgifter			
Sum finansinntekter			
<b>Netto driftsutgifter</b>	<b>45.239 '</b>	<b>47.705 '</b>	<b>50.407'</b>
Investeringar			
Sum utgifter			
Sum inntekter			
<b>Nto. Utgifter/inntekter</b>	<b>137 '</b>	<b>850 '</b>	<b>111 '</b>

#### **2.3.2 Utviklingstrekk i etaten**

#### **Investeringar**

* Peralio omsorgsbustader	100 '
* Sjukeheim	11 '

#### **Drift**

Nto driftsutgifter på h.k. 1.3 vart kr. 50.407,- mot revidert budsjett kr. 47.705 ', dvs. eit driftsunderskot på kr. 2.702,- '. Driftsunderskotet skuldast manglande kompensasjon for lønsauke.

Statstilskot til ressurskrevjande brukarar i 2008 utgjorde kr. 4.391.

### **Plan og utgreiingsarbeid som er gjennomført i 2008:**

- opplæringssplan i helse- og sosialetaten 2008 og 2008 - 2011.
- kompetanseløftet 2015 - tilskot til opplæring av personell i helse-og sosialetaten.
- verksemdsplan for helse-og sosialetaten.
- Tysnes sjukeheim - rehabilitering vart handsama i Utval oppvekst/omsorg i sak 23/08 møte 08.05.08 saka vart drøfta, men ikkje teke opp som eiga sak.  
Saka vart handsama som eiga sak 26/08 møte 10.06.08. Formannskapet utsette saka i møte 10.06.08.
- dagsenter for heimebuande demente.
- barnevernstoda i kommunen.
- plan for livskriser i Tysnes kommune.

### **2.3.3 Helseavdelinga**

#### **Legekontor**

##### **1. Allment:**

Allmennlegetenesta i Tysnes kommune er kommunalt driven fastlønnspraksis, i motsetning til dei fleste stader i landet der det er privatpraktiserande allmennlegar med fastlegeavtale med kommunen. Dr. Waleed Brisam har i vår sett fram ynskje om overgang til privat praksis. Desse forhandlingar er utsette til 2009 etter avtale med partane. Dei andre legane har ikkje sett fram krav om privat praksis. Kommuneoverlegen ser det som viktig at allmennlegetenesta i Tysnes er samla i eitt kontor. Blandingsmodell mellom privat praksis og fastløn finst i mange kommunar, men vil kreva ein del for å koma inn til levelege avtalar om økonomisk oppgjerd.

Dei tre fastlegane har i alt 2300 på sine lister. Vi har ein del på listene frå andre kommunar, men det er ein netto "lekkasje" på 500 pasientar, dei fleste til Os /Anna og Stein Aanesen.

Legekontoret har legevaktansvar for alle bebuarar og gjester i kommunen døgnet rundt, uavhengig av listetilknyting.

Legekontoret gjev akutt legehjelp og lab.service for sjukeheimen innan legekontoret si opningstid utan at det vert ført mellomrekneskap mellom legekontor og sjukeheim.

##### **2. Bemanning:**

- Me har tre fastlegar og ein turnuskandidat, og me har to og ein halv stilling hjelpepersonell.
- Dei faste 4 på forkontoret alternerer mellom ekspedisjon og laboratorium slik at ein er meir fleksibel ved sjukefråvær/feriar etc.

- Kontoret må ha full drift i ferieperioden pga. stor tilgang av turistar om sumaren. Vi hadde i 2008 legevikar (frå Danmark) i 3 veker. På forkontoret hadde vi vikarinntak slik at vi heile tida hadde minimum 2 personar på forkontor/lab. kvar dag.
- Etter sentrale forhandlingar KS/Legeforening har kommunelege 1 si stilling fått ny nemning kommuneoverlege, for å få standardisering av funksjon over heile landet.
- BHT kjøper 20 % av dr. Markov si stilling.
- Tysnes Sjukeheim kjøper 20 % av dr. Waleed si stilling, d.v.s. 1 dag pr. veke i ca 45 veker pr. år, d.v.s. ikkje kjøpt lege til dekking ved ordinære fråværsveker for ferie/kurs.

### **3. Legevakt:**

Tysnes har hatt tilbod frå Stord/Fitjar/Bømlo kommunar om felles legevakt knytta til kontor på Stord Sjukehus, men kommunen har vald å halda på lokal legevakt. Ved sentralisert legevakt vil det vera Helse Fonna som blir pålagt transportkostnader for å koma til legevakt, så sentralisering kan bety innsparing for kommunen, men legeberedskap lokalt vil bli svekka.

Dei tre faste legane pluss turnuskandidat deltar i legevakt, altså 4-delt vakt når alle er i funksjon, 3-delt ved feriar og kursfråvær. Frå 2008 er det gjort avtale mellom KS og DNLF om påslag på 25 % på timegodtgjering på vakt for vaktene når vaktbelastninga blir mindre enn 4-delt. Innleige av ferievikar om sumaren kan medføra at ein slepp slikt timetillegg.

Kommuneoverlegen er passert 60 år og har då ingen plikt til legevakt, men har inntil vidare delteke på frivillig basis.

- Tysnes dekkjer legevakt for Ølve og Hatlestrand, men Kvinnherad bidrar ikkje med lege.
- Legevaktcentralen er bemanna av spesialopplærte sjukepleiarar, den er lokalisert til Stord Sjukehus, er felles for Tysnes/Stord/Fitjar/Bømlo, er lokalisert til Akutt Mot-tak på Stord Sjukehus. Tenesta vert kjøpt frå Helse Fonna.
- Fram til 1.3.2008 hadde Tysnes og Kvinnherad felles legevaktnummer 53473300. Etter 1.3.08 er dette nummeret kun for Kvinnherad. Tysnes sitt legevaktnummer er no 53474000. (Ølve og Hatlestrand skal bruka Kvinnheradnummeret, slik at vi på legevakt også kan få oppdrag frå Kvinnherad kommune sin legevaktcentral på Husnes).
- Legevaktbil Subaru Impreza 2001 modell er i bra stand (bortsett frå småskader på eit par skjermar) og fungerer fortsatt bra til formålet.
- Vi har prøvt å ha fagleg samarbeid/kursing i lag med ambulansen, og dette er nødvendig og nyttig. Lovmessig er begge partar pålagt samhandling/samtrenings og beredskapsplanlegging.
- Det er krevande vaktbelastning for legane med vakter utover fulle stillingar på dagtid. Det er ein bonusordning med 2 timer avspasering med løn for vaktnatt før virkedag. I sum blir det ein ekstrakostnad for kommunen med  $5 \times 52 \times 2$  timer for kommunen pr. år = 520 timer pr. år, d.vs. ca 1/3 av eit legeårsværk. Denne kostnaden vert ikkje synleggjort i rekneskapet for kva lokal legevakt kostar.
- Spesielt i ferievekene om sumaren er vaktbelastninga svær, ettersom det i for eksempel i juli månad er anslagsvis 12-14000 personar i vaktområdet mot fastbefolking knapt 3000. Både legane si ferieavvikling, påslag på vaktgodtgjering er

moment som gjer det heilt avgjerande med vikarinntak for lege om sumaren for å få dette til å gå rundt.

#### **4. Oppsummering:**

Det har vore eit arbeidsår på det jamne. Vi opplever å ha bra dugnadsånd på kontoret, og prøver å vera bevisst på at vi skal vera ein serviceinstans til tross for ein "uberekneleg materie" med akutte alvorlege problemstillingar der både personale og pasientar må prøva vera fleksible for å tilpassa "øyeblikkets behov".

For helseleiar som skal prøva kombinera administrativt ansvar med å hiva seg rundt i akuttsituasjonar, er dette eit løpande krysspress og ofte med ei kjensle av at ein ikkje heilt strekk til i dei formelle administrative rutinar.

Det har vore drøfting om risiko/sårbarhet vedr det EDB-baserte legejournalsystemet. For å halda god nok beredskap på legevakt er det viktig at dette er oppe og går med kortast mulig avbrekk, må uansett vera operativt før neste morgen.

#### **Tysnes helsestasjon**

I heile 2008 har leiande helsesøster jobba mykje med individuell plan for barn som har rett på dette, noko som har gått ut over kontortid som helsesøster har på nokre av skulane. Det har vore særstidkrevjande spesielt sidan ikkje helsestasjonen har hatt eit eige datasystem for dette. Kommunen har no bestemt at dei skal kjøpa eit nettbasert system frå Sampro som me kan føre dei individuelle planane i, og det er positivt.

Stillinga som Snefrid Trondsen vikarierte i vart ståande i vakanse i heile juli og heile august, og dette gjorde til at me ikkje fekk førebu hausten slik me hadde tenkt. Det vart ein travel og oppkava haust, og ein særstak travel sommar med mange fødslar/heimebesøk.

Snefrid Trondsen byrja på helsesøsterutdanninga i august og har vore på skulen ei veke pr. mnd. Dette har gått fint p.g.a. god organisering av arbeidet og velvilje frå begge partar. Det blir likevel ein auke i arbeidsmengda den veka ho er borte.

Leiande helsesøster byrja på etterutdanning i psykisk helsearbeid for barn og unge i august, men måtte avslutte denne i oktober pga. for stort arbeidspress på jobben. Helsestasjonen har, i samarbeid med psykisk helsearbeidar for barn og unge, dreve eit vekentleg tilbod til småbarnsforeldre i Tysnes ved Lunde skule, "Blikjent'n". Det har vore godt frammøte og gode tilbakemeldinger på dette. Her kan foreldre knyta nettverk og me kan observera/fange opp barn/familier som treng ekstra oppfylgjing.

Leiande helsesøster gjekk på interkommunal rettleiing ved Stord BUP på våren.

Me har hatt barselgruppe der både tannpleiar og fysioterapeut har delteke i undervisning for foreldra.

Jordmor har hatt ein auke i etterkontroller av gravide og celleprøver av kvinner generelt. Dette kjem av at jordmor tok ei etterutdanning som gjorde henne kompetent til dette. Reisevaksinering er ei oppgåve som krev tid og som folk nyttar seg av heile året.

Elles har me følgt dei lovpålagde oppgåvene i helsestasjon-og skulehelsetenesta.

### **Endring i personale:**

Aslaug Singelstad vart tilsett som leiande helsesøster i juli. Snefrid Trondsen vart tilsett i helsesøstervikariatet for eit år. Jorunn Bjordal slutta i sitt vikariat ved helsestasjonen.

### **Tankar om 2009:**

Leiande helesøster har framleis som mål å kvalitetsikre tenesta betre.

Me ynskjer å få til eit samarbeid med fysioterapeutane om overvektige barn.

Signal om at helsesøstertenesta skal bli redusert og samstundes få nye og ukjende arbeidsoppgåver, gjer det vanskeleg å planleggje neste år.

### **Ergoterapitenesta**

0,6 st. kommuneergoterapeut.

### **Arbeidsoppgåver:**

Brukabarbeid: Kartlegging av funksjon. ADL/funksjonstrening. Stimulera til eigenaktivitet. Tilrettelegging, tilpassing og kompensasjon for tapt funksjon; rådgjeving ved bustadendring, vurdering av tekniske hjelpemiddel, ergonomiske tiltak, funksjonsvurdering i trygdebilsaker m.m.. Deltek i tverrfagleg inntaks- og rehabiliteringsmøte/arbeid og er med i Demens-team/prosjekt. Kontaktperson for kommunen til Hjelpemiddelsentralen i Hordaland (HMS), dessutan samarbeid med HMS i fleire kompliserte brukarsaker. Samarbeid også med inter-kommunal synsped. teneste på Stord.

Er med i interkommunalt nettverk for ergoterapeutar (Fusa, Kvam, Ølve).

Ressursutnytting/målloppnåing (tala i parentes gjeld for 2007): Tilvisingar: Om lag 68 (78). Desse er fordelt slik: Frå lokalt helsepersonell og skule 30 (34) samt 4 (10) frå 2. og 3.line tenesta, frå brukarar 17(16), frå pårørande 14 (14) og 3 frå Tysnes Industri. Åtte tilvisingar rakk eg ikkje i 2008, desse er overført til venteliste for 2009.

Ergoterapeuten har vore på 132 (111) heimebesøk, samt hatt brukarkontakt i form av oppmøte på kontoret 39 (19), møte og andre saker som er ordna på tlf./brev, ca 85 (83). Ergoterapeuten har levert 55 (45) søknader og 76 (41) rekvisisjonar til HMS om hjelpemiddel frå Folketrygda og 49 (47) service-rapportar til HMS på reparasjon av hjelpemiddel. Korttidsutlån av hjelpe-middel frå kommunalt lager til minst 35 (27) personar, samt 14 (24) returar til HMS (via ergo.). Har delteke på dagskurs i kunnskapsbasert ergoterapi.

Avtalen mellom Tysnes kommune og Tysnes Industri AS om kommunalt mottak/lager og arbeid med hjelpemiddel, vart vidareført i 2008. Samarbeidet fungerer godt, og det er blitt orden og struktur på arbeidet. Utleveringstida for HMS-hjelpemiddel frå kommunalt mottak på Tysnes Industri er gått ned frå opptil fleire mnd. (før denne avtalen) til som oftast innan ei veke. Men det arbeidet Tysnes Industri AS utfører i høve til lagerhald, ut-/innkøyring, montering/demontering, vedlikehald/reparasjon, reingjering, føring av lagerkartotek m.m. har vore langt meir arbeidskrevande enn ein hadde erkjent på førehand, slik at dei 30 000 kr som var sett av i budsjettkapittel 1.3130 til føremålet, var alt for lite.

Samla verdi for utleveringar frå Hjelpemiddelsentralen i Hordaland i laupet av 2008 til brukarar i Tysnes Kommune var på ca 1,5 million kr.

Det er også blitt ei delt løysning på kommunalt lager: På grunn av krevande lagertilhøve og dårlige hygieniske tilhøve i Tinghuskjellaren, blir dei fleste komm. hj.m.no slusa inn til Tysnes Industri. Men heimesjukepleien treng tilgang til enkelte hj.m. i helgene og på kveldstid, difor blir det inntil vidare oppretthalde eit visst lager i Tinghuskjellaren.

## Fysioterapitenesta

Slik det går fram i punkt 1 nedunder, baserer denne meldinga seg på perioden 18.08.08-31.12.08.

### 1. Dekning av fysioterapeutar i tenesta

2008 har vore prega av langtidsvakanse. Inga Derksen var langtidssjukmeld fram til medio juni, då ho gjekk ut i svangerskapspermisjon. Lene Sagen Ringeling har besett 100 % stilling fram til 04.03.08, då ho slutta i stillinga. Deretter var dei 1,5 stillingane i vakanse fram til Anne Lene Jørانlid og Gunn Marit Hovland tok til frå 18.08.08. Anne Lene Jørانlid vart tilsett i 50 % fast stilling og 30 % stilling vikariat for Inga Derksen. Gunn Marit Hovland vart tilsett i 70 % stilling vikariat for Inga Derksen.

### 2. Ressursinnsats

- a) Rutineoppgåver ved helsestasjon
  - Førskuleundersøkingar
  - 4-5 mnd kontroll (3 grupper)
- b) Habilitering/individuell oppfølging av barn med spesielle behov
  - I haust har 7 barn hatt behov for individuell oppfølging. Hyppigheten på behandlinga har variert frå éin gongs vurdering til fast oppfølging tre gonger i veka.
  - Gruppebehandling rundt 3 barn på skular (2 grupper). Dette har også ein viss førebyggjande effekt ved at dei andre elevane i klassen deltek på rullering.
- c) Rehabilitering ved Tysnes sjukeheim

I haust har vi i gjennomsnitt brukt 10 timer i veka på sjukeheimen. Me har prioritert rehabiliteringspasientar som har vore inne på korttidsopphald, og langtidspasientar med behov har fått behandling ved ledig kapasitet. Vi har i tillegg hatt 6 vurderingar/tilpassingar knytte til rullestolar. Vi inviterte Etac til å halde eit ROHO kurs for ergo- og fysioterapite nesta og pleiepersonale.

### d) Heimebehandling av eldre og uføre

Totalt 17 brukarar har fått heimebehandling denne hausten. Nokre har hatt behov for regelmessig behandling gjennom heile hausten (1-2 gonger i veka), mens andre berre eit par gonger totalt. Diagnosegrupper: MS, tverrsnittslesjon, parkinson, hjerneinfarkt, SMA, ulike typar frakturar (flest skulder og hofte) og cancer. Det har elles vore behov for oppfølging for brukarar med generelle smertetilstandar og nedsett fysisk funksjon.

### e) Førebyggjande fysioterapi

Eldretrim i Peralio 1 gong i veka.

f) Administrasjon

Som nytilsette har mykje tid gått med til å verta kjende med administrative rutinar. Det har i tillegg vore ein del møteverksemd, t.d. inntaksmøte, avdelingsmøter og samarbeidsmøter ved sjukeheimen, ansvarsgruppemøter og personalmøter. Når det gjeld kurs har Anne Lene Jørانlid delteke på eit 40 timars kurs i terapiriding. Forutan det har begge delteke på rekvikrentkurs ved hjelphemiddelsentralen (1 dag), samt kurset ”sitjestilling og spastisitet” (1 dag).

### 3. Målloppnåing

Då vi ikkje kan sjå at det har vorte utarbeidd ein verksemndplan for 2008, har vi ingen føresetnader for å kunne vurdere grad av målloppnåing for 2008. Vi ser ut i frå tidlegare årsmeldingar at det har vore ein trend med lite tid til viktige oppgåver som førebyggjande arbeid og kvalitetssikring/fagutvikling. Heller ikkje vi har fått tid til prioritering av desse oppgåvene i haust.

### 4. Oppsummering

Dette året har vore prega av lite kontinuitet i fysioterapitenesta pga langtidsvakanse. Dette går ut over langtidsplanlegging og kvaliteten i tenesta. Her vert brukarane skadelidande. Vi vonar dermed at det i framtida vert lagt betre til rette for stabilitet i fysioterapitenesta. Vi meiner vi har klart å ta vare på habiliterings- og rehabiliteringspasientar på ein fagleg forsvarleg måte, men ser det hadde vore formålstenleg å hatt høve til å auke kvaliteten på behandlinga ytterligare, t.d. gjennom betre tid og ressursar til fagutvikling. I tillegg har det vore manglande tid til oppfølging av brukarar med kroniske lidingar samt førebyggjande arbeid. Det har vore eit ynskje frå andre yrkesgrupper at vi kjem meir på banen som koordinatorar for individuell plan. Vi kan forstå dette ynskje då desse yrkesgruppene også er pressa, og arbeid med individuell plan er svært tidkrevjande. Med vår noverande stillingsprosent vil det likevel vere ei stor utfordring å ta på oss ei slik rolle, utan at det går ut over andre viktige arbeidsoppgåver.

#### 2.3.4. Sosialavdelinga

Sosialavdelinga har vore stabilt bemanna i 2008 med to årsverk, fordelt på ein fast sosialeiarstilling, ein fast 60 % sosialkonsulent-stilling, samt eit vikariat som sosialkonsulent i 40 % stilling.

I 2007 fatta sosialavdelinga 178 vedtak etter Lov om sosiale tenester. I år har avdelinga gjort 184 vedtak. Samla utbetalt bidrag etter § 5-1 og 5-2 i 2008 er kr 414 200,- mot kr 390 548,- i 2007. Sosialavdelinga opplevde ein auke i saksmengde når det gjeld økonomisk sosialhjelp etter oktober 2008.

I 2008 mottok barneverntenesta 40 uromeldingar. Dette er ein liten nedgang sidan i fjor. Born i aldersgruppa 13 - 17 år er enno mest representert. Det er i skrivande stund om lag 30 barn som har tiltak etter Lov om barneverntenester (Undersøking eller tiltak). Det vart fatta 72 vedtak om tiltak etter Lov om barneverntenester i 2008.

Alt i alt har det vore behandla 256 saker etter Lov om barneverntenester og Lov om sosiale tenester. Dette talet var i fjar 197.

Avdelinga er i gang med organiseringa av eit felles NAV-kontor på Tysnes, saman med NAV Tysnes trygd. I løpet av mai 2009 vil sosialavdelinga samlokaliseraast med Nav Tysnes trygd/arbeid i skulekontoret sine tidlegare lokaler i Rådhuset.

### **2.3.5 Pleie-og omsorgsavdelinga**

#### **Tysnes sjukeheim Innkjøp**

- Nye møblar til miljøeininga, stolar og sofa
- Ny flatskjerm tv til miljøeininga
- Nytt medisinkjøleskap
- Ny oksygenkonsentrator
- Diverse hjelpemidlar
- Ny elektrisk varmebehaldar til varm mat.

#### **Kompetanse**

- Kurs ernæring til eldre, 40 deltagarar. (open omsorg/institusjon)
- Kurs i regi av Olaviken. "Akutt forvirring hos eldre" og "depresjon hos eldre" 4 deltagarar. "Miljøtiltak for personer med demens" 2 deltagarar
- Kurs " kva er god omsorg for gamle når dei vert råka av hjarte, lunge, eller karsjukdommar?" Stord sjukeheim, 5 deltagarar
- Avdelingsleiar, miljøeining deltatt i nettverk, demens, og kommunalt demensteam.
- Midlane til opplæring og kompetanseheving er så små at vi har ikkje sett oss i stand til å oppnå måla våre innan dette viktige feltet.

### **Rekruttering fagpersonell**

Tilgongen på sjukepleiefagleg kompetanse har vore rimeleg bra dette året. Fleire sjukepleiarar ynskjer seg heil stilling, men vi har mest mindre stillingsstorleikar å tilby. Dette har ført til at enkelte fagpersonar har teke arbeid i andre kommunar. Samstundes opplever vi at vi slit med å rekruttere i dei små stillingsdelene og helgeavløysarstillingane. I periodar har det vore på grensa av det forsvarlege ndg. personelldekking på helg og natt, og mykje bruk av sjukepleiefaglege bakvakter.

Matlaging/ kokekyndig personell er eit anna sårbart område. Når ein skal tilby varm mat etter kok- server metoden 365 dagar i året på to kjøkken i kommunen, viser det seg vanskeleg å drive, både økonomisk og praktisk.

Sommarferieavviklinga var særleg vanskeleg, både ndg. rekruttering av fagpersonell og ufaglærte vikarar.

Sjukeheimen deltok på Yrkes- og bedriftsmessa for å fremja rekruttering til faget i ungdomsgruppa.

Vi har ikkje hatt lærling i helsearbeidarfaget i lærlingestillingen dette året.

Rekruttering av fagpersonell til denne sektoren viser seg som det kritiske punkt i drifta vår. God organisering gjennom samla fagmiljø, god leiing, betre løns- og arbeidsvilkår og intern kompetansebygging må til for å møta utfordringane.

## **Arbeidsmiljø**

- Sjukefråværet gjennom året var 9,1% Dette er under gjennomsnitt for landsbasis, men litt over førre år.
- Sjukeheimen var i likskap med andre avdelingar innan den kommunale verksemda gjennom ei kartlegging av arbeidsmiljøet. Denne synte at medarbeidarane saknar personleg oppfølging, t.d gjennom medarbeidarsamtaler. Med ein arbeidsstokk på 70 fast tilsette, og mange vikarar er dette ei stor utfordring med den leiartettleiken vi har i dag.
- Mange senioravtalar med tilsette, der vi prøver å leggje til rette for å stå i arbeid ut over 62 år.
- Mange arbeidstakarar med helsetilpassingar som inneber lettare arbeidsoppgåver. Positivt for dei det gjeld, men kan føre til auka sjukefråvær, auka belastning for øvrig personale, og vanskeleggjer å gå utan vikar ved fråvær.

## **Økonomi**

Underskot i rekneskapen på ca. 1,7 mill. skuldast i hovudsak overforbruk lønsmidlar på postane 0100/0101 fastløn/vakanse, 0105 tilleggsłøn, 0300 ekstrahjelp og 0400 overtid.

Dette har samanheng med :

- a) Generell lønsauke utan full komp. i budsjettet (minus ca. 900.000)
- b) Auke i kveld og helgetillegg (minus ca. 600.000)
- c) Vikarinntak for fri i samband med høgtider ikkje budsjettert.(minus ca. 400 000)
- d) Store utgifter til overtid grunna vakante stillingar, og bruk av bakvakter. (minus ca 200 000)

Vi vurderer heile tida strengt inntak av vikarar ved alle slags fråvær. Senior- og helsemessige omsyn, og stor arbeidsmengde gjer at vi oftare enn før likevel må ta inn vikar.

Pleie- og omsorgstenesta arbeider målretta for å gje tenester på rett omsorgsnivå. Vi har aktiv bruk av rehabilitering og nytta korttidsplassane til å trena opp brukarane til å klara seg heime lengst mogeleg. Vi har ikkje venteliste på langtidsplass for brukarar med behov for det. Dette fører til ledige plassar i periodar, og lavare eigenbetaling under 60 døgn, dermed mindre inntekter. Siste kvartal av 2008 har vi hatt fullt belegg heile tida.

## **Inneklima**

Den varme sommaren gjorde tilhøva for bebuarar og tilsette vanskeleg. Store takflater varma bygget opp til det ekstreme, og utan funksjonelt ventilasjonsanlegg vart temperaturen nærast helsefarleg. Dette vart påpeika av både bebuarrepresentantane og verneombod.

Vi har slite med kulde i bygget heile den kalde årstida dette året og.  
Både bygget og inventaret ber preg av slitasje.

## **Open omsorg**

Frå 01.04.2008 vart heimetenestene i område 1 og 2, inkl. Hovland bu- og omsorgssenter, slege saman til eit område med ein felles leiar. Tenesteområde vart frå no kalla open omsorg. Det vart ein felles turnus for heimesjukepleien både i område 1 og 2 gjeldande f.o.m. d.d. Den nytilsette leiaren tilrådde stillinga 01.04.2008. M.a. grunna stor arbeidsmengde valte ho allereie i september 2008 å sei opp stillinga, og vil gå tilbake til si ordinære sjukepleiarstilling innafor open omsorg f.o.m. 2009.

Det har vore eit spanande og krevjande år innafor open omsorg, men truleg er omlegginga ein rett veg å gå. Det har vore mykje fokus på Hovland bu- og omsorgssenter og dei 5 hyblane i bufellesskapet, som framleis i mange sin bevissthet er ein institusjon. I budsjett 2009 er det vedteke å legge ned kjøkkenet og plassane i bufellesskapet, samtidig som ein skulle få til eit samarbeid med bygdelaga på Tveit og Onarheim om evt. private løysingar.

Brukarane innafor open omsorg er framleis delt i to grupper som på arbeidsplan blir kalla område 1 og 2.

Totalt brukarar av heimehjelp og heimesjukepleie pr. 31.12.08:

- Område 1 Onarheim/Nymark: ca 35 brukarar
- Område 2 Tysnes – Lunde / Uggdal – Flatråker – Reksteren: ca 120 brukarar.
- BPA, brukarstyrt personleg assistent: 2 brukarar.
- Omsorgsløn: 8 personar.

Tryggleiksalarmer pr. 31.12.08: 48 alarmar til utleige gjennom Hjelp 24 Trygghetsalarm A/S.

Trygde- og omsorgsbustader, og bustader for psykisk utviklingshemma: 55 bueiningar til utleige til dette føremålet.

- Trygdebustader: 12
- Omsorgsbustader: 32
- Bustader psykisk utviklingshemma: 11

Det var 2 ledige omsorgsbustader på Hovland pr. 31.12.08.

## **Bustader pu Uggdal og Vågsmarka**

Situasjonen i begge bustadane for psykisk utviklingshemma har vore stabil i høve brukarane. Det er 4 ekstra ressurskrevjande brukarar som har 1:1 personelloppfølging, og 1 brukar som bruker mykje ressursar, men som ikkje har 1:1 oppfølging. Brukarane vortne eldre, og hjelpeomfanget har auka. 3 av brukarane har vore på Sydentur, 2 veker kvar, til Tyrkia og Kypros. Personalalet i begge bustadane er stort sett stabilt. Det har vore myke slitasje og sjukemelding i personalgruppa.

## Dagsenteret pu

Dagsenteret har aktiviseringstilbud på tre stader: Dagsenteret i 2. høgda på Grendatun , kafé i fyrste høgda i same bygget og på vedcentralen på Myklestad.

Personalsituasjonen:

1 leiar i 100 %
1 miljøarbeidar i 100 %
1 assistent i 62 %
1 miljøarbeidar i 32 %
1 assistent i 24 %
Ein person på arbeidstrening fram til juni.

Ein person var ute i permisjon på grunn av anna arbeid fram til november. Då gjekk denne personen over til anna fast arbeid. Ein person var ute i svangerskapspermisjon fram til november. Vikarsituasjonen har vore tilfredsstillande.

Tenestemottakarar:

Alle som har ”søkt” om plass , har fått tilbud om det.
12 personar nytta seg av tenestetilbuet i 2008.
Av desse har: 1 person                            1 dag
1 person        2 dagar
4 personar      3 dagar
6 personar      4 dagar.

Miljø:

Alle har fokus på arbeidsmiljø. Me har lukkast med dette arbeidet og det viser ma. igjen med lavt fråvær. Me har og omorganisert på dagane, slik at me vert mindre sårbar ved fråvær.

Utført i 2008:

Fornya kafeen med nye gardiner og nye/ brukte møblar.  
Utvikla tilbuet på kafeen med meir variert varespekter og fleire bestillingsoppdrag.  
Fornya oss med nye aktivitetar og nye produkt på dagsenteret.  
Godt sal på julemessan.

Ynskjer:

Me saknar framleis å koma inn under den kommunale vaktmeisternesta. På kafeen er ressurssituasjonen pressa, me har jevnleg oppe evaluering av opningstidene .  
Elles vil me framleis setja fokus på godt arbeidsmiljø, både for tilsette og tenestemottakarar.

## Psykisk helsevern

Psykisk helseteneste i Tysnes kommune.

- Psykisk helseteneste fekk overført kr. 2 662 000 i øyremerka midlar frå staten. I tillegg var det overført kr. 36 000 frå året før. Fylkesmannen i Hordaland har motteke og godkjent rapportering for året 2007.
- Psykisk helseteneste vart utvida med 50 % stilling som psykisk helsearbeidar frå febr. 2008. Den tilsette er utdanna sjukepleiar, men har ikkje vidareutdanning i psykisk hel-

searbeid. I tillegg til individuell oppfølging av brukarar, er denne stillinga knyttta opp til drift av aktivitetssenteret.

- Aktivitetssenteret har vore i full drift året rundt, ikkje stengt i feriane. I tillegg har lokala vore i bruk ved ulike typar angsttrening for enkeltbrukarar. Lokala er og ein samlingsstad/varmestove for Natteravnane. Torsdagsturane har gått som før, 10 –15 deltararar.
- Psykisk helsearbeidar for barn og unge fullførte vidareutdanning i "Rus og psykiatri" ved Høgskulen i Bergen juni 2008, 30 studiepoeng.
- Psykisk helsearbeidar for barn og unge tok til på vidareutdanning (deltid) i "Psykisk helsearbeid for barn og unge" ved HSH – Stord, august 2008, planlagt ferdig våren 2010. 60 studiepoeng. Leiande helsesøster tok og til på utdanninga, men slutta etter kort tid. Den nytilsette psykiske helsearbeidaren (sjukepleiar) søkte og studiet, men kom ikkje inn grunna manglande praksis. Sjukepleiar tilsett i vikariat som helsesøster tok samstundes til på vidareutdanning som helsesøster (deltid), planlagt ferdig våren 2010. For å dekka utgifter ved desse vidareutdanningane har Tysnes kommune søkt og fått tildelt kr. 110 713,- frå "Tilskot til vidareutdanning i psykisk helsearbeid for høgskuleutdanna personell", kap. 743 post 62.
- Medio august 2008 arrangerte psykisk helseteneste ein fagdag for fagpersonar som arbeider med barn og unge. Foredragshaldar: Dr. phil. Kari Killen. Invitasjonen gjekk både til faggrupper i helsetenestene, barnevern, skule- og barnehagetenesta, PPT samt spesialisthelsetenesta. Det var 120 påmeldt frå Hordaland, samt deler av Rogaland. Vi fekk tildelt etterutdanningsstønad kr 15 000,- frå Fylkesmannen i Hordaland til denne fagdagen.
- "Verdensdagen for psykisk helse" vart markert med ei samling for alle elevane på Tysnes skule (ca. 200 elevar) med føredrag av Marco Elsafadi / New Page. Vi fekk stønad frå Mental Helse Hordaland og Mental Helse Norge med kr 10.000,- til dette arrangementet.
- Ambulerande team ved DPS –Stord har hatt veiledning med tilsette og samtale med brukarar, har kome til Tysnes 1 dag for månaden.
- Det vart på nytt lagt fram ei orienteringssak for utval "Oppvekst og omsorg" om behovet for bufellesskap for psykiatrisk brukarar. Behovet er aukande.
- "Psykiatrigruppa" vart vedteke nedlagt i nov 08, dette på grunn av at det var siste året med øyremerka midlar til psykisk helsearbeid i kommunane
- I samarbeid helsestasjon vart det i 2008 oppretta nytt tiltak, "Bli kjent`n", småbarnstrekk. Psykisk helsearbeidar for barn og unge deltek annan kvar gong.
- Psykisk helsearbeidar for barn og unge har i samarbeid med helsestasjonen hatt temaundervisning i skulane, samt undervisning i fleire foreldremøter. Ei jentegruppe vart oppretta.

#### Ressursutnytting:

Av dei øyremerka midlane til psykisk helsearbeid var det i 2008 løna 4,6 årsverk. Av desse er 3,1 årsverk tilsett i teamet psykisk helseteneste, medan 1 årsverk helsesøster og 0,5 årsverk sjukepleiar i open omsorg er løna av desse midlane.

Psykisk helseteneste har hatt oppfølging av ca. 40 brukarar over 18 år. Psykisk helsearbeidar for barn og unge har oppfølging av 38 barn/unge (19 jenter/19 gutter) i 2008, av desse er 12 barn/unge registrert i pasientjournal, medan dei resterande vert fulgt opp som eit ledd i førebyggjande arbeid i skulen.

8 vaksne brukarar har fått vedtak om støttekontakt, barn/unge får vedtak om støttekontakt gjennom sosial/barnevernsbudsjett.

Det vert ikkje overført ubrukte øyremerka midlar i 2008.

## 2.4 Landbruk og teknisk

### 2.4.1 Organisasjon

Etaten er organisert med teknisk sjef som leiar for 5 fagområde med kvar sin avdelingsleiar: jordbruk, skogbruk, brann- og byggjesak, kart og oppmåling, og kommunalteknnisk drift for bygg og eigedom.

### Årsverk og tilsette

	Faktisk 2002	Faktisk k 2003	Faktisk 2004	Faktisk 2005	Faktisk 2006* *	Faktisk 2007	Faktisk 2008	Plan 2009
Adm.	1,08	1,08	1,15	1,05	1,20	1,20	1,10	1,100
Jordbruk	3,48	3,48	3,48	3,13	3,125	3,125	3,125	1,625*
Skogbruk og vilt	0,62	0,62	0,62	0,62	0,30	0,30*	0	0,50
Kart og oppmåling	2,0	2,0	2,0	1,90	1,90	2,00	2,00	2,00
Brann og feiing	2,2	2,2	2,2	2,20	2,275	2,275	2,175	2,175
Byggjesak	2,05	2,55	2,55	2,50	2,30	2,30	2,30	2,30
Bygg og eigedom	4,1	4,05	4,05	3,85	3,85	3,85	3,85	2,85**
Tysneshallen				0,30	0,30	0,20	0,20	0,20
Drift av gravplassar	0	0	1,1	1,10	1,10	1,10	1,10	1,10
Veg	2,0	2,2	1,15	1,20	1,20	1,20	1,20	1,20
Vatn, avløp, renovasjon og slamtøming	1,9	1,77	1,70	1,65	1,65	1,65	1,65	1,65
Sum årsverk	19,5	20,0	20,0	19,5	19,20	19,20	18,70	16,70

\* Landbruksvikar slutta, og 0,5% overført til skog og vilt.

\*\* Ein i uteseksjonen slutta.

### 2.4.2 Politisk aktivitet

Vert presentert under kvart fagområde

### 2.4.3 Økonomisk resultat. Drift og Investeringar.

Går fram av overordna og detaljert rekneskap lagd fram av Rådmannen. Sjå elles omtale under handlingsplan.

**Kommunen har vedteke eigne planar for:**

Hovudplan for skogsvegar 1999.  
 Trafikkrafikksikringsplan 2001 – 2004  
 Hovudplan for vassforsyning 2000 – 2004  
 Hovudplan for avløp 2000 – 2005  
 Landbruksplan 2004

Avfallsplan for SIM 2000 - 2003  
 Kystsoneplan  
 Risiko- og sårbarheitsplan  
 Oversiktsplan for skogbruket.  
 Kommuneplan 2003 - 2015

Slik det går fram av oversynet er tida komen for rullering av fleire av planane. Eit oppdatert planverk er eit godt fundament for målstyrt bruk av kommunen sine samla ressursar.

## **2.4.4 Oppnådde resultat i høve handlingsprogram/budsjett.**

Delt i fagområda; - bygg, eigedom og drift, - jordbrulk, - areal og byggjesaker, - kart og oppmåling.

### **2.4.4.1 Bygg og eigedom, kommunalteknisk drift.**

Den verbale handlingsplanen i Kommuneplanen er ikkje rullert i 2007, med oppsetting av nye mål for 2008, anna enn dei som går fram av økonomiplanen. Rapporten her vert derfor i hovedsak relatert til Økonomiplanen.

<b>Kommuneplan – 2003 - 2015 Handlingsprogrammet / Økonomiplanen 2008</b>	<b>Årsrapport 2008 Resultat</b>	<b>Evaluering, eventuell omprioritering til neste handlingsprogram</b>
<b>Diverse prosjekt</b>		
<b>Energisparande tiltak Enøk-prosjekt 2003 /2004</b> Deltakande bygg : Tysnes skule, Uggdal skule, Onarheim skule, Lunde skule, Rådhuset, Tysnes sjukeheim, Tysnes Aldersheim, Uggdal kyrkje  <b>MÅL :</b> 20% straumreduksjon med enkle tiltak. Vågsmarka barnehage vart målt utanom og viser stort sparepotensiale Vinst berre ved fokusering på straumbruk er sett til 10 %  <b>Energiplan</b>	Prosjektrapport lagd fram Registrering og rapportering av straumforbruk tom 2008.  Målt mot energibruk i 2002 <b>vart</b> reduksjonen i 2003 – <b>20 %</b> (548 864 kWh – temperaturkorrigert) 2004 – <b>18 %</b> (489 264 kWh – ikkje temperaturkorrigert) 2005 – <b>5 %</b> Ikkje temperaturkorrigert 2006 – <b>14,4 %</b> Ikkje temperaturkorrigert 2007 - <b>10.3 %</b> Ikkje temperaturkorrigert 2008 - (manglar tal) Ikkje gjennomført tiltak i 2008	Det er vanskeleg å vurdera målkriteriet i prosjektet.  Utbygging av tekniske anlegg, auka bruk av datautstyr, meir utstyr som krev straum aukar forbruket.  Det er vanskeleg å få byggbrukarane til å slå av straumbrukande utstyr som datautstyr, det er auka krav til komforttemperatur, og gammalt utstyr ”stel” straum.  Middeltemperatur 2007 var + 9,6, i 06 + 10.4 og i 05 +9,2  Global oppvarming kan reduserast med Alternativ grøn energiforsyning og energisparande tiltak som

<b>SD-anlegg / Straumstyring</b>  Er monaleg faktor for å nå mål om straumsparing	Ikkje gjennomført tiltak i 2008  Står att i Uggdal skule Lunde skule  Rådhuset Onarheim skule. Vågsmarka barnehage	viktige bidrag der alle kan delta.  Ombygging i prosjekt 2009 Utskifta materiell frå Uggdal skule i 2009 Utskifta materiell frå Uggdal skule i 2009 Slik som Lunde skule i 2009 Del av rehabprosjekt 2010 Avventa barnhagesaka
<b>PCB Sanering Ljosarmaturar</b>  <b>Vindauge</b> Når karm og pakning blir våte, er det PCB-smittefåre.	Gjennomført  Står att på Uggdal 109 stk Onarheim skule - 30 stk Tysnes skule barnesteg /gymsal /ungdomssteg 160stk Symjehall 50 stk Hovland Bu-/omssenter 36	Etter krav frå Fylkesmannen  Blir ferdig i 2009 i rehabprosj. Blir ferdig i 2010 i rehabprosj. Ikkje del av nokon plan pr no.  Blir ferdig 2009 / 2010 Ikkje del av nonon plan pr. no
<b>Parkeringsplass og tilkomstveg Vågsmarka PU / barnehage</b>	Ikkje utført.	Ikkje fullfinansiert Avventa barnehagesaka / ny tilkomst veg Vågsmarka
<b>Vågsmarka barnehage - Uteområde</b>	Ikkje utført	Avventa barnehagesaka
<b>Administrasjonsbygg</b>  Me har gjennomført årleg Internkontroll med tiltak innan brannsikring, El-sikring, førebygging Legionella, sanitæranlegg, ventilasjonsanlegg, heiseanlegg og alarmanlegg,		
<b>Rådhuset</b> Branntryggleik  100 Hindringar "Betre tilkomst til offentlege bygg for alle"	Arbeid starta opp i regi av Rådmannen  Dels tiltak samordna med etablering av NAV kontor.	Står att å få på plass rutinar for brannøving Ferdig 1 april Bør resultera i ombygging resepsjon i 2009/2010
NAV - Ombygging Skulekontoret	Oppstart 2008 konsulent og tilbod	Ferdig 1 april 2009
Ventilering og varme / solskjerming - Legekontor og LT	Oppstart 2008 konsulent og tilbod	Ferdig 2009

<b>Tinghuset</b> Vedteke å selja huset	Ikkje gjennomført i 2008 Klargjering grenser står att	Lagerplass i kjellar må kompenserast. Avventa Sjukeheimssaka
<b>Skulebygg</b>		
Har òg i 2008, på generelt grunnlag, reist spørsmål om strukturrasjonalisering av byggbruk og nybygg/rehabilitering/fornying av Skule/Barnehagebygga i samband med økonomiplanen.		
På <b>Tysnes skule</b> er det mykje skadeverk på bygget og misbruk av brannvarslingsanlegget.		
Fleire tilhøve er meldt til lensmannen. Utvikling med meir skadeverk i småskulane. Me har gjennomført årleg Internkontroll med tiltak innan brannsikring, El, sikring, førebygging Legionella, sanitæranlegg, ventilasjonsanlegg, heiseanlegg og alarmanlegg,		
<b>Lunde skule</b> Utvida skuleplass og parkeringsplass Akustikk Gymsal	Ikkje i ØKP for 2008 - 2011  Ikkje i ØKP for 2007 - 2010	Samordna tiltak med skule- og barne hagestruktur  Ikkje pålegg. Bør tiltak men vanskeleg av omsyn til bruken
<b>Uggdal skule</b> Rehabilitering Arbeidstilsynet - Innemiljø <b>Ny Frist: 15.08.09.</b>	Konsulentarbeid i 2008 Oppstart rehab Januar 2009	Restfinansiert ØKP 2009 – 2012
<b>Tysnes skule</b> Ombygging elevtoalett Ungdomsskule,  Miljøretta helsevern pålegg Underetasje skulekjøken og barnesteg <b>Frist : 01.08.2008</b>  Rehabilitering gymsal /kulturskule,  Symjehall - Rehabilitering vestvegg	Gjennomført 2008 i eigenregi med innleigehjelp  Gjennomført i 2008 i eigenregi med innleigehjelp  Delfinansiert planarbeid for bruk av skulen i 2007  Finansiert i Økplan 2009 - 2012	Vert prioritert framføre andre tiltak i 2008 og som ikkje er pålegg.  Står att JenteWC som er starta opp 2009 i forståing med skulen  Er utsett til vurdering Skule- og barnehagestruktur  Bør få Tilstandsanalyse med tiltaksplan for heile symjehallen
<b>Onarheim skule</b> Arbeidstilsynet - Innemiljø <b>Ny frist : 15.08.2010</b>	Forprosjekt ferdig 2008 Detaljprosjektering i 2009 oppstart januar/februar 2010	Restfinansiert i Økpl. 2009 – 2012 Bør rehabiliteringa ta omsyn til drift som oppveksttun?
<b>Barnehagar</b> Prosjektgruppe la 19 mai 2008, fram rapport om Barnehagestrukturen i kommunen.		

Kommunestyret har sluttet seg til rapporten, med etterhald om finansiering via Eigedomsskatt.  
 Utspel i ettertid og problem med klargjering areala tenkt nytta kan forseinka realiseringa.  
 Det er lovfesta rett til barnehageplass frå 2009. For å stetta kravet må etablerast mellombels tilbod til ny barnehage er på plass.

Me har gjennomført årleg Internkontroll med tiltak innan brannsikring, El,sikring, førebygging Legionella, sanitæranlegg, ventilasjonsanlegg, heiseanlegg og alarmanlegg,

<b>Myklestad barnehage</b> Pålegg Arbeidstilsyn 2007 <b>Frist :</b> 15.01.2008	Avventa resultat barnehagesaka i forståing med arbeidstilsynet	Berre utbetring skadetilfelle og risikoområde sidan byggeny
<b>Lunde barnehage</b> Pålegg Arbeidstilsyn 2008 <b>Planfrist :</b> 19.08.2008	Avventa resultat barnehagesaka i forståing med arbeidstilsynet	Berre utbetring skadetilfelle og risikoområde sidan byggeny
<b>Vågsmarka barnehage</b> Pålegg Arbeidstilsyn 2008 <b>Planfrist :</b> 19.08.2008	Avventa resultat barnehagesaka i forståing med arbeidstilsynet	Berre utbetring skadetilfelle og risikoområde sidan byggeny

### Helse – og sosialbygg

Prosjektgruppa la 21 januar 2008, fram rapport / forprosjekt med tilråding til tiltak vedkomande rehabilitering Sjukeheimen. Det er vedteke å følgja opp rapporten innan sumaren 2009, men nye og tidkrevjande prosjekt, kan medføra seinking i framdrifta. Det er sett opp nytt utval som skal klargjera definerte uklare eller manglende opplysninga i rapporten.

Har òg i 2008, på generelt grunnlag reist spørsmål om strukturrasjonalisering Sjukeheim/ Bu- og omsorgssenter / omsorgsbustader/ trygdebustader / PU- bustader /Dagsenter, som del av dei prosjekta som er planlagt.

Me har gjennomført årleg Internkontroll med tiltak innan brannsikring, El,sikring, førebygging Legionella, sanitæranlegg, ventilasjonsanlegg, heiseanlegg og alarmanlegg,

<b>Hovland bu &amp; omsorgscenter</b> Tilkomst, parkering, rehabilitering, ny bruk eller sal	Avventa resultat av Sjukeheimssaka	Berre utbetring skadetilfelle og risikoområde
<b>Tysnes sjukeheim</b> Rehabilitering eldste delen, forprosjekt og gjennomføring	Rapport lagt fram 21 januar 2008	Vidare framdrift klargjerast i kommunestyret i juni 2008.
Oppussing etter 2 nye lekkasjar i 2008	Driftstiltak 2008	Berre utbetring skadetilfelle og risikoområde til nytt vedtak.
<b>Omsorgs- /</b>		Me har <b>44</b> slike bustader:

<b>trygdebustader</b> Oppussing husvære. Dei eldste byrjar bli sletne og må rehabiliterast  Utvendig vask/soppsprøyting og maling i eigenregi	Er reelt vedlikehaldstiltak som må finansierast over driftsbudsjettet.  Værtihøva stoppa maling ute i 2006, 2007 og 2008 Peralio prioritert i 2009	12 Trygdebustader - eldst 21 Omsorgsbustader 6 Omsorgsbustader på loft Aldersheimen 5 Omsorgsbustader på loft sjukeheimen
<b>PU – bustader</b> Vurdering ventilasjon og varmegjenvinning <b>PU Vågsmarka</b> Utvendig vask/soppsprøyting og maling i eigenregi <b>PU-Uggdal</b> Utvendig vask/soppsprøyting og maling i eigenregi	Ikkje utført og ikkje finansiert  Fekk beisa langveggane i 2008, før værtihøva stoppa oss Gjennomført i 2008	Bør vurderast i 2009 og finansierast til 2010  Me har <b>11 slike</b> bustader 6 einingar og kontor i Våge 5 einingar, kontor og fellesrom i Uggdal
<b>Gjennomgangsbustad</b> Oppussing inne  Utvendig vask og maling	Husvask gjennomført i 2008 Har ikkje klart å stoppa soppangrep.	Me har <b>2</b> husvære til utleige. Det er sterk slitasje på dette bygget og det bør årleg setjast av sum til oppussing  Må truleg målast att 09 samt vurdera å skifta noko kledning. Ikkje finansiert ,
<b>Personalbustad</b> <b>prestebustad Uggdal inkl hybel ( som legene nyttar)</b> Brannsikring Breiband  Skifte tak, vindauge og råten kledning, male ute, samt oppussing	Kartlagt 2008 Lagt inn 2008  Tiltak dels finansiert i Økpl. 2009 – 2012	Me har <b>2</b> husvære til utleige  Tiltak 2009/2010
<b>Personalbustad</b> <b>legebustad Våge</b> Brannsikring Lekkasje tak  Oppussing husvære inne / ute	Kartlagt 2008 Utbetra drifttiltak 2008  Tiltak ikkje finansiert i ØKP 2007 – 2010	Me har <b>1</b> husvære til utleige  Gjeld slokkemidlar og røykvarslarar  Bør gjennomførast ved utflytting leigetakar
<b>Renovasjon, slamtøming, avløp og vassforsyning</b>		

<b>Renovasjon</b> Hovudplan 2000 – 2003  Gebyrgrunnlag og Sjølvkostanalyse	Revisjon ikkje i arbeid  Rakk ikkje revidera grunnlag	Hovudplan forelda og bør fornyast i regi av SIM I løpet av 2009/ 2010, revidera alle betalings-tenester med omsyn til sjølvkostprinsippet
<b>Slamtøming private</b> Slamtømerunde hus  Kommunale slamavskiljarar  Gebyrgrunnlag og sjølvkost	Gjennomført i 2008  Ikkje tømt i hht avtalt opplegg  Rakk ikkje å revidera grunnlag	Ny runde med hus og hytter I 2010 SIM purra utan reaksjon.  I løpet av 2009/2010 revidera alle betalings-tenester med omsyn til sjølvkostprinsippet

<b>Avløp kommunalt</b> Hovudplan 2000 – 2005	Planen ikkje revidert i 2008 Prioritert 1 er sanering kommunale kloakkar i området Eidet - Rådhuset	Bør prioriterast 2009/2010 Bør samordna tiltak med etablering gangveg, kablar for kraftlaget og ny vassleidning for vasslaget.
<b>Hovudkloakk Våge</b> Reinseanlegg	Anbudstevling klar. Oppstart i marka 2009	Andersland Bygg og DykkarService
Sanering Øvre Klokkargarden	Gjennomført i 2008. Rydding våren 2009. Eigenregi.	
Hovudkloakk Lunde Utviding Reinseanlegg	Finansiert 2008 tiltak 2009 I eigenregi	
Gebyrgrunnlag og sjølvkost	Rakk ikkje å revidera grunnlag	I løpet av 2009/2010 revidera alle betalings-tenester med omsyn til sjølvkostprinsippet
<b>Andre avløpstiltak</b> Vee / Teigland og Gjerstadneset - Lokal ureining frå private kloakkanlegg.	Planarbeid og innsamling statusdata starta Liten framdrift her i 2008.  Finansiert i 2004 og 2005 Rakk ikkje gjennomføra i 2008. Bør samordnast med revisjon Hovudplan Avløp.	Vert sett på som sak der dei som ureinar må betala for tiltak for opprydding. Sett av midlar i budsjett til tilskot private saneringstiltak  Gjeld undersøking av resipienttilhøva for ferskvatn og etablering av plan for handtering av private utslepp av avløpsvatn.
<b>Vassforsyning</b> Reservevassforsyning og beredskap	Ikkje tiltak i 2007 Er naturleg å vurdera i relasjon til ROS-planen og tiltak som må på plass.	Reservevassforsyning og vassforsyning i beredskaps-samanheng ikkje på plass. Må vurdera om tilskotsordninga skal halda fram i hht kommunestyret sitt vedtak Må vurdera om kontaktutvalet mellom kommunen og vasslaga skal vidareførast

## Kommunale vegar, kaier og bruer

Brøyting og strøing kan verta vanskeleg å få mannskap til i åra som kjem. Færre bønder og ynskje om å ha fritida disponibel, kombinert med meir omfattande syting og klagning dersom vegane ikkje er svarte til ein kvar tid.

Me klarte med eit naudskrik å få kabalen til å gå opp. Kommunetraktoren vert brukt til brøyterode Lunde med innleidt førar og brøyterode 2 på Onarheim fekk me heldigvis hjelp til då eine brøyteentreprenøren vart indisponibel.

Kommunen bør snarast avlysa all tenesteyting til vegar som ikkje er kommunale.

<b>Hovudplan veg</b> Kommunen skal utarbeida ein eigen vegplan.	Løyving 2003 (100`) Fullfinansiering i ØKP 2009-2012 i 2011.	Arbeidet bør prioriterast slik at ein får fram godt grunnlag for prioritering av tiltak
<b>Dokumentasjon av bruer</b>	Tilsyn og kontroll med Safe Control i 2008. Rapportert i 2009.	Mindre tiltak påpeikt og vil bli arbeidd inn i budsjett 2010.
<b>Bru Hopsund</b> Forsterking og rehabilitering	Nytt brudekke med rekksverk fullført i 2008	
<b>Sikring / utbetring av kaier</b> <b>Arkivsak nr. 02/00038</b>  Følgjande kaier er sterkt skada og utgjer trugsmål :  <b>Kai Elsakervågen</b> – både tømmerkai og kommunal kai  <b>Flatråker kai</b> – både tømmerkai og kommunal kai  <b>Gjøvåg kai - fiskerihamn</b> Kommunal fiskerihavnkai  <b>Amlandstø kai</b> – kommunal kai  <b>Malkenes kai</b> – kommunebrygge  <b>Gjestebrygga i Våge</b>	<p>Saksutgreiinga er ikkje ført fram for formannskapet.</p> <p>Safe Control har ført tilsyn og kontroll i 2008 rapport i 2009.</p> <p>Finansiering skissert i ØKP 2009 – 2012 ed tiltak i 2010 / 2011</p> <p>SafeControll rapport 2009</p> <p><b>Tilkomstveg Stengt</b> for all bruk. Kaien ser bra ut</p> <p><b>Stengt.</b> Betongkai er heilt nedbroten og bør fjernast. Steinkai som kan leva vidare under delar av betongkaien.</p> <p>Er fjerna av Tysnes betong i hht avtale med kommunen</p> <p>Utbetring av nye skadar i bæresystemet (Pålemark)</p>	<p>Utgreiinga er basert på Rapport frå kartlegging av tilstand.</p> <p>Tilstanden forverra</p> <p>Skogeigarlaget vil delta i finansieringa.</p> <p>Bør spesialinspeksjon i 2009</p> <p>Bør vurdera sal. Liten kommunal interesse her.</p> <p>Bør vurdera sal. Liten kommunal interesse her.</p> <p>Anlegget krev ordna tilhøve vedkomande tilsyn og vedlikehald. Ansvar bør plasserast.</p>

	utsett til planane om Fjordlandsby er på plass. Mandelhuset har ansvar for dagleg tilsyn og drift.	
<b>Gjerde og ferister</b> Ferister  Gjerde i utmark	Feristene bryt saman, rustskade og for tung belastning. Høg kostnad å fornya.  Kommunen har fleire 10tals km med gjerdeplikt. Overgang til utegåande storfe og sau medfører sterke krav til gjerdehaldet.	Bør arbeida for gjerdeskjøn og fjerning av kommunal gjerdeplikt og feristar langs riksveg, fylkesvegar og kommunevegar. Kostnaden er sterkt aukande og langt over disponible budsjetttrammer.
<b>Sikring/ forsterking av kommunevegar</b> Sikring fjellskjeringar	Ingen tiltak 2008	Sikring må til i Lundehagen 2 og veg til Lunde kai. Ikkje finansiert.  Tiltaka på Heningen må overvakast og følgjast opp. Rassikring lausmassar Skippervik i 2009 som driftstiltak
Forsterking av vegar / grøfting	Tiltak 2008 – slik som i 2007 lagt fiberduk inn som forsterking i samband med asfaltering i tillegg til grøfting	Kartlegging bereevne kommunevegane, utarbeiding handlingsplan forsterkingstiltak vert utført som del av Hovudplan veg Plan restfinansiert i 2011

<b>Kommunevegar asfaltering</b> Asfaltert i 2008  Privat veg til Cecelia B. Lunde Er rusta opp fram til opparbeidd gangveg i Lundehagen 1 og heile vegen er asfaltert som del av oppgjer for Lundehagen 2. Føresetnad at kommunen tek over til vedlikehald og eige vegen fra x-rv49 til og med gangvegen Lundehagen 1	Frøkedal: 45 t lapping Flygansvær: 410 t m/ duk Amland : 30 t duk + lapping Hillesvik: Reklamasjon 2007 Jensvoll 1: 150 t Lundehagen 1: 130 t Lunde kai : 20 t m/duk Skippervik - Asfaltert område betalt av privatperson ca 50 t	Tiltak med asfaltering skal i hovudsak ikkje utførast før vegen er grøfta tilfreds-stillande og har fått sett seg i 1 år. Diverre er under-grunnen og oppbygginga av dei gamle kjerrevegane særslig dårlig og me vert for ofte tvungne til å sporfylla før grøfting er utført.
<b>Trafikksikringstiltak / Trafikksikringsplanen</b> Gangveg Uggdal  Gangveg Lunde  Aksjon skuleveg- tiltak	Ikkje finansiert tiltak i 2008  Plan ikkje ferdig i 2008  Ikkje finansiert tiltak i 2008	Regplan ferdig 2005  Ein må prioritera å klargjera finansiering og gjennomføring av gangvegprosjekta.  Mindre omfattande veganlegg enn Gangveg Uggdal vert blokkert av manglande finansiering og gjennomføring av Gangveg Uggdal. Omprioritering?
<b>Kommunale bustadfelt – tilrettelegging</b>		

<b>Lunde – Kattanes syd</b>	Arbeid med reguleringsplan og tilbodsdokumenter ferdig.	Opparbeiding startar april/mai 2009
<b>Vågmarka 6</b>	Arbeid med detaljplan vert ferdig våren 2009 og tilbodsdokumenter før fillesferien.	Mål oppstart opparbeiding etter september 2009
<b>Ny tilkomstveg til Vågmarka</b>	Arbeid med reguleringsplan vert ferdig våren 2009.	Samordne opparbeiding med Vågmarka 6, om mogleg.
Det er no i tillegg mangel på tilfredsstillande tomter i Onarheim og Uggdal.		
	Område for ny etablering ikkje klart i Onarheim. I Uggdal er teke med utviding av område nordvest for Sauabakkane.	Det bør skaffast grunn og leigast konsulenthjelp til regulering og detalj-prosjektering av anlegg i desse bygdene snarast, skal ein nå <b>måla i "3012"</b> .
<b>Vassdragspleie</b>		
<b>Elveregulering / Vassdrag</b>	Ikkje tiltak 2008	Teke opp reklamasjon av elvesikringa i Reiseelva .
<b>Gravplassar</b> Kommunen yter teneste til kyrkjeverjen vedkomande vedlikehald og drift av gravplassane i kommunen. Det er avtale mellom partane som regulerer tilhøva. Kyrkjeverjen har reist spørsmål om samarbeidet bør utvidast til òg å gjelda vedlikehald av Kyrkjene, bårehusa og toalettanlegga. Dette er eit naturleg spørsmål, sett i relasjon til kor fint samarbeidet går på "grønt-sida". Kyrkjene er verneverdig og vedlikehaldstiltak på dei vil derfor truleg verta eit omfattande arbeid å få ansvaret for. Det krev styrking både økonomisk og auka personell, dersom ikkje andre oppgåver skal lida. Vaktmeistertenesten er <b>redusert med 1 person</b> (AFP) frå og med 1 april 2009		

#### 2.4.4.2 Landbruk

Samdriftsfjøset på Langeland et ferdig med sitt første heile driftsår og erfaringane så langt er positive og tilseier at satsinga var rett. Ikkje minst er det positivt med ordna arbeids- og fritid, for husdyrhaldarar ellers er det eit framandord. Det er framleis eit paradoks at ei samdrift vert strafka økonomisk ved at staten kuttar i overføringsmidlane til denne i høve til at deltararane fortsatt dreiv kvar for seg.

Nytt geitefjøs er oppført og teke i bruk på Myrdal gard og produksjonen går godt i ein marknad med aukande etterspurnad. Osteprodukta frå Myrdal og Tysnes har eit stort nedslagsfelt og har etter kvart vorte ei velkjent merkevare i store delar av landet.

Siste oversikt syner at det er att 22 mjølkeprodusentar (23 i -07), fire av desse er knytt opp mot fellesfjøset. 71 verksemder søkte produksjonstilskot pr 31.07.08 (85 i –07).

Skogbruksjefstillinga med viltforvaltning, som har vore vakant medan kvalifisert hjelp har vore leidt frå Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor (SFLMK), er avvikla samstundes som leigeavtalen er avslutta og oppgåvane fordelt internt på avdelinga. Ein konsekvens av dette er at fagmiljøet smuldrar opp, samstundes som ein kortvarig innsparringsvinst kan føra til manglande næringsutvikling og tap av framtidige inntekter. Ca kr 973.000 i statleg årleg rammetilskot til landbruksforvaltninga er tilført.

Aktivitetsnivå i faglaga (med heiderleg unnatak i skogeigarlaget) har lagt nede. Dette er ein klar minusfaktor for næringa og lokalsamfunnet/bygdene i og med at mogleghet for samarbeid og tilknytning til div. prosjekt som f.eks. "Liv og lyst", "Eg fann eg fann", "Trivseslgrenda" m.fl. ikkje har vorte nytta slik det skulle. Dette er prosjekt som går på trivsel, utvikling og tilflytting m.m. og som forvaltninga treng medspelarar til og vert vurdert som svært viktige for framtidig positiv utvikling.

Kommunal landbruksvikarstilling vart oppretta tidleg på 1970-talet og er no avvikla. Etter omorganisering av den statlege refusjonsordninga, er tenesta overteke av avløysarlaga og vert administrert av desse frametter. Statleg tilskot til stillinga er for siste gong tilført med kr 78.750.

Kommunane fekk ansvaret for klinisk veterinærkraft frå 1. januar 2008. Det har vore same vaktdistrikt som tidlegare: Tysnes, Fusa, Samnanger og deler av Kvinnherad og Kvam. Tysnes kommune har ansvaret for den administrative delen av dette samarbeidet.

SMIL og NMSK- midlar har vore delt ut til fire prosjekt (herav to fellesprosjekt) med kr 114.200. Sidan oppstart i 1994 har kommunen fått tildelt kr 2.144.000 til denne ordninga. Det har vore kontakt opp mot vegvesen og andre for å få til eit prosjekt med føremål å rydde langs hovudvegar. Ei evaluering av ordninga, gjennomført av Statens Landbruksforvaltning (SLF), viser at ordninga stort sett treff godt og gjev gode miljømessige effektar. Forvaltninga på kommunenivå har i hovudsak vore vellukka.

#### **2.4.4.3 Areal- og byggesaker**

Tidlegare endringar i plan- og bygningsloven har medført store endringar og krav til meir omfattande sakshandsaming. Det same vil gjelda i 2009 i samband med innføring av ny planlov og bygningslov. Sjølv om det ligg føre relativ ny arealdel til kommuneplanen er det framleis førespurnader, dispensasjonssøknader og klagesaker i LNF -områda. Desse sakene krev ei relativt omfattande sakshandsaming. Sakshandsamingstid er her om lag 6 mnd., grunna politisk handsaming i min. to møter og handsaming i fylket hos henholdsvis fylkesmannen og fylkesrådmannen m.fl. Saker som er relatert til hytter- og fritidshus er framleis dominante.

Handsamingsrutiner: Er betra. Sjølv om det framleis er stor saksmengde er me no på rett veg når det gjeld lovpålagde sakshandsamingstider.

Noverande betalingsregulativ: Vart sett i verk i august 2002. I perioden 2002 - 2008 har det vore 5 - 7 klager/merknader på einskilde satsar. Sett i relasjon til saksmengde fungerer regulativet tilfredsstillande. Det er trong for revidering av regulativet.

Inntektsutvikling: Om lag 8% meir enn budsjettet. Må sjåast i samanheng med sakstype og ikkje direkte saksmengde.

### Utvikling i saksmengde.

PBL.	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Bygningsråd/UIII/ L/T totalt.	283	293	307	321	347	308
Andel delegasjonssaker.	137	124	122	127	129	117

Tabellen angjev **berre** saker som er handsama etter plan - og bygningsloven og Forskrift om utslepp fra separate avløpsanlegg m.m. For andre type saker som er handsama etter jordlova, skoglov m. m. vert det vist til anna programområde.

### **Reguleringsplanar i arbeid**

Bustadfelt for Vågsmarka 6, ny veg til Vågsmarka, stadianalyse og reguleringsplan for Våge, bustadfelt for Kattaland, barnehage i Våge, båthamn Gjerstad, bustad- og hytteområde i Teiglandsundet, hytteplan for Årbakkahagen, hytteplan for Malkenestangen, eldrebustader i Perailio, Nesthuslia, naustplan til Ola Hope på Neshamn, planrydding og utviding i Lundekamben, reguleringsplan Alsaker brygge inn mot Alsakervågen, og naustplan i Lunde til Kjetil Lavik. Plan for Årbakkahagen er nylig godkjent, men krev oppfølging. Det same gjeld for Godøysund og andre nyare godkjente, men ikkje iverksette planar som t.d. Gjelland og Laukhamar.

### **Framtidsperspektiv**

Behovet for revidering av noverande arealdel til kommuneplanen er merkbart. Jfr. her andelen dispensasjonssaker, merknader og klager på vedtak frå m.a. fylkesmannen v/miljøvernavdelinga. Største utfordring i åra som kjem er å få eit plandokument som kan vera eit meir tilfredsstillande og fornuftig verktøy for handsaming av einskildsaker, som både er i tråd med lokale og sentrale retningsliner.

### **Mål for 2009**

- Kortare sakshandsamingstid.
- Innkjøp av dataprogram for betre sakshandsamingsrutiner.
- Opplæring og kursing av sakshandsamarane inkl. sekretariatspersonell i samband med innføring av ny planlov og bygningslov.
- Revidering av betalingsregulativ for plan- og byggjesaker m.m.
- Betring av sjølvfinansieringsprosent.
- Utarbeiding/revidering av informasjonssider på internett for publikum.

### **Brannvern og feiing**

Utøving av tenesta har vore tilfredsstillande. Samarbeid med andre etatar som lensmann og ambulansepersoneell har vore positivt.

### **Gjeldande brannordning**

Kommunen si brannordning vart godkjent av DBE i skriv av 09.11.98. Sjølv om brannordninga er godkjent er ikkje iverksetjing fullført på alle områder. Brannordning forutset at brannvernet sitt overbefal skal bestå av brannsjef, varabrannsjef i deltidsstilling og ein brann-

meister i heil stilling. For dei tre nemnde stillingskategoriane gjeld og vanleg beredskap og forspenningstid. Frå mai 1997 har kommunen vore utan varabrannsjef.

Avstand til brannstasjon gjer at einskilde mannskap har for stor forspenningstid i forhold til intensjonane i brannordninga. På Nymark inngår fire mannskap som ein del av hovudstyrken for m.a. å tilfredsstille krav om innsatsstyrke og innsatstid. Vaktordning her er ikkje etablert.

## **Tilsyn frå DSB**

Den 28.06.07 føretok Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap tilsyn med brannvernet i h. h. t. Brann- og eksplosjonsvernloven av 14. juni 2002 nr. 20 § 31. Rapporten frå tilsynet vart handsama som eigen sak. Jfr. sak PS 254/07 i landbruk/teknisk og sak PS 94/07 i kommunestyret.

Sjølv om det ligg føre ein positiv tilsynsrapport for kommunen sitt brannvesen, finn ein det rett å peika på at det og er svakheter. Dette gjeld m. a. ved større uventa hendingar sett i relasjon til svekking av beredskapen og forhold til dimensjoneringsgrunnlaget. Det er her viktig å merka seg at beredskapen er dimensjonert på grunnlag av antall risikoobjekt og fastbuande. Det er ikkje teke omsyn til at Tysnes er ein ”hyttekommune”, kor folketalet kan verta tredobla i ferietid og spesielle helger. Svakheten vert særleg merkbar når brannmannskapet avviklar ferie og dreg ut av kommunen i same tidsrom. Eit anna moment er relativt lang forspenning- og innsatstid ved rekvirering av bistand frå nabokommunane, store avstandar, spreidd busettnad med manglande nærvær av tilstrekkeleg sløkkjevatn og beskjeden kapasitet på leidningsnett til dei private vassverka.

## **Utdanning/kurs**

### **Mannskap**

Ny utdanningsreform krev opplæring av hovudstyrken i regi av Norges brannskole - NBSK. Gjeld m.a. obligatorisk grunnkurs for mannskap. (Det er førebels unntak for personar over 50 år med solid realkompetanse.) Kurset var tidlegare sentralisert over eit tidsrom på 5-6 veker, men er no erstatta med eit desentralisert opplegg. Lokale øvingar kjem i tillegg og skal m.a. innehalde moment som samsvarar med reforma.

For å etterkoma gjeldande krav fann fleire kommunar det mest formålstenleg å setja i verk eit interkommunalt samarbeid. I 2006/2007 inngjekk Tysnes samarbeid med Kvinnherad. I 2007/2008 vart samarbeid etablert med kommunane Austevoll, Os og Askøy. Samarbeidet pågår og for kursåret 2008/2009. Status for Tysnes er at halve styrken tilnærma ni mannskap har fullført grunnkurset. To mannskap etter tidlegare reform, sju mannskap etter ny reform og eit mannskap vil verta ferdig i 2009. Kursinga vil fortsetje i åra som kjem for å etterkoma krava. Utgifter med opplæring utgjer ein vesentleg del av brannbudsjettet.

## **Feieren**

Feieren er i ferd med å avslutte sin obligatoriske fagutdanning. Av skriv dagsett 25.01.08 frå DSB framgår mellombels fravik frå krav om svennebrev i feiarfaget for Jostein Meland, under føresetnad av at Kongsvik gjennomfører nødvendig utdanning innan 3 år. Det vert forutset at Meland fullfører nødvendig utdanning/svenneprøven i løpet av 2009.

## **Befal**

4 befal har formell godkjent utdanning til dei funksjonane dei no innehar, men brannsjefen manglar framleis varabrannsjef. Jfr. gjeldande brannordning og avvik i tilsynsrapport dagsett 16.08.2007 frå DSB.

Av skriv dagsett 25.01.08 frå DSB framgår mellombels fravik frå utdanningskrav til brannsjefen sin stedfortreder for Torfinn Kongsvik, under føresetnad av at Kongsvik gjennomfører nødvendig utdanning innan 2 år. For å inngå i rolla som brannsjefen sin stedfortreder må Kongsvik fullføre beredskapsutdanning trinn III og yrkesutdanning i førebyggjande brannvern. Kongsvik har no kome inn på NBSK sitt kurs i yrkesutdanning i førebyggjande brannvern. Utføring vert i løpet av 2009. For å slette DSB sitt avvik må Kongsvik fullføre Beredskapsutdanning trinn III i løpet av 2010. For øvrig vil kursing av befal vera ei oppgåve i kommande år.

### **Mannskapsstyrke**

Gjeldande brannordning forutset ein total styrke på 20 mannskap inkl. befal. Eit nytt mannskap vart rekruttert i 2008. 3 mannskap gjekk ut av styrken pr. 31.12.08

### **Tilsyn av § 13 objekt. Større bygg, anlegg, forsamlingshus etc**

Omfattande arbeid med tilsyn vart utført i 2006 og 2007. Tilbakemelding frå dei fleste objekt-eigarane har kome inn. Det har og vorte utført relativt omfattande arbeider i form av sikrings-tiltak på ulike objekt, både private og kommunale. Ny omfattande oppfølging og kontroll må utførast i 2009.

### **Oversyn over utrykkingar**

	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Brann i bygning	2 (3)	3	1	2	2	1	2*
Bilbrann	0	0	0	0	0	0	0
Pipebrann	1	11	1	1	3		5
Gras, lyng og mindre skogbrann		5	1	1			1
0					5		
Unødig alarm	1	0	0	2	3	3	1
Annen assistanse	0	4	2	5	5	1	1
Biluhell	3	4*	1	1	0	4	0
Meld. om skogbrann	0	1	0	0	2*	1	0
(Bålbrann m.v.)	1	1	1	0	0	1	0
Branntilløp i bygning	0	1	2	2	3	2	0
HLR						1	1
Sum utrykkingar	9(10)	30	9	14	23	14	11

\*2003 Eit biluhell med alvorleg personskade og eit biluhell med dødsfall.

\*2006 Assistanse til Kvinnherad og Fusa kommune.

2007 og 2008 var eit ”vanleg” år sett i relasjon til antall og type utrykkingar.

### **Feiartenesta.**

Praktisk utøving av feiartenesta har fungert tilfredsstilende. Brannsyn på bustadhús har kome i gang, men mykje står att. Brannordning forutset feiar i ei heil stilling.

Jostein Meland har som ei mellombels ordning, og etter eige ynskje, fått redusert stillinga si med 20% frå 01.08.08. Dette medfører at ein del av feiaren sine arbeidsoppgåver vert overført til Torfinn Kongsvik.

## Framtidsperspektiv

Største utfordring i åra som kjem er å halde på mannskapsstyrken og rekruttere nytt mannskap, oppretthalde noverande førebyggjande arbeid, opplæring og lovpålagd utdanning av heile brannvernstyrken og etablering av nytt nødnett.

### Mål for 2009:

- Iverksetjing av motiverande tiltak for å behalde noverande brannvernstyrke og rekruttering av nytt mannskap.
- Innkjøp og bruk av datautstyr/program for brann og feiartenesta.
- Vidareutvikling av opplæring av eksisterande og nytt mannskap. Gjennomføring av lovpålagd grunnutdanning v/NBSK. Gjeld og for både mannskapsstyrke og feiar.
- Vidareutvikling av røykdykkartenesta.
- Vidareutvikling av førebyggjande arbeid og oppfølging av brannordning og DSB sin tillsynsrapport 16.08.07.
- Vidareutvikling av førebyggjande arbeid og iverksetjing av vanleg brannsyn i samband med utøving av feiartenesta.
- Gjennomføring av behovprøvd feiing.
- Vidareutvikling av mannskapsstyrken på Nymark. Etablering av rode på Reksteren.
- Opplegg for proff debriefing etter spesielle hendingar.
- Vidareutvikling av HMS og internkontroll system.
- Oppfølging av tilsynsrapport/avvik frå DSB.
- Kome på rett veg igjen når det gjeld tilsyn av § 13 objekt.

### 2.4.4.4 KART OG OPPMÅLING

Det har ikkje vore budsjettoppnåing i 2008. Sjå statistikk nedanfor. Dette skuldast truleg at budsjetterte inntekter vart skrudd høgare etter avlevering av budsjettforslaget for 2008. I tillegg er det fullført målebrev for tidlegare mellombels kartforretningar, der gebyret kom inn i 2005, 2006 og 2007.

#### Kartlegging 2008

Det vart våren 2008 flyfotografert på strekninga Lukksund-Lundegrend-Våge-Uggdal-Reksteren som grunnlag for ajourføring av kartgrunnlaget.  
Ferdig kart vil føreliggje våren 2009.

#### Kartlegging 2009

Det er ikkje planar for kartlegging i 2009.

#### Delingssaker

<b>Statistikk oppmålingsavdelinga</b>	2004	2005	2006	2007	2008
Målebrev produsert	36	49	41	41	50
Tinglyste målebrev	14	16	16	25	17
Målebrev produsert, ikkje tinglyst	22	33	25	16	33
Tinglyste målebrev totalt dette året	29	29	36	55	21
Mellombels forretningar	14	2	3	7	2
Tinglyste mellombels forretningar	13	1	2	5	0
Mellombels forretningar, ikkje tinglyst	1	1	1	2	2
Tinglyste registreringsbrev	0	0	0	1	0
Registreringsbrev ikkje tinglyste	0	1	0	1	4
Kravde kartforretningar	55	60	44	81	71
Seksjoneringar	1	0	1	5	0
Saker i landbruk/teknisk	1	3	-	-	-

## Utvikling i gebyrinntekter

	2005	2006	2007	2008
Budsjett	503.000,-	530.000,-	551.200,-	680.000,-
Rekneskap	574.153,-	799.260,-	846.231,-	617.569,-

## Selde tomter

Det er seldt 2 tomter i byggjefeltet Onarheim II

### 2.4.5 SAMLA VURDERING

Det vert vist til årsmelding under kvart fagområde. Dei siste 8 månadane har etaten vore sterkt delaktig i å få leggja til rette for innføring av eigedomskatt. Særlege utfordringar i etaten kan summerast slik:

## Bygg, eigedom og drift.

Årsmeldinga viser stor aktivitet. Dette saman med mange store utgreiingsoppgåver, 1 stilling i vakanse i uteseksjonen og dermed ei tidkrevande omorganisering, gjer at me vil ha vanskar med å gjennomføra dei oppgåvene som ligg i budsjettet og økonomiplanen.

Fram til sommaren har etaten som mål å få uteseksjonen "oppe å gå", samt å få gjennomført ombyggingsarbeid i rådhuset og Uggdal skule, fullført kloakkutbygging i Våge, følgt opp opparbeiding av byggjefelt i Lunde, gravplass på Gjerstad, ny barnehage og krisepakken, prosjektering av ny veg til Vågsmarka, byggjefelt i Vågsmarka 6 og Onarheim skule.

Skal nye utgreiingsoppgåver eller prosjekt inn må nokon av dei oppgåvene som ikkje er sette i gang utsetjast.

## Landbruk.

Kommunen har i det meste av 2008 vore utan skogruksfaglege tilsette. Berre heilt nødvendige oppgåver har vorte prioritert. I praksis vil det sei fellingsløyve for vilt og den oppfølgjing som er nødvendig her. Kommunen har leid private for å få desse oppgåvene på plass.

Frå i haust vart 40 % stilling flytta frå jordbruk til skog for å erstatta skogbrukssjefstillinga. Det har vore store reduksjonar i landbruket, men ikkje i same grad som reduksjonen av tilsette frå den tid kommunen overtok ansvaret for landbruk i 1994. Reduksjon frå 5,75 stilling i 1993 til 2 i dag. Resultatet er at det meste av tida går til heilt nødvendige lovpålagde oppgåver. Det mest uheldige er at det går mest ut over næringsutvikling og dei tilskota Tysnes kunne fått her.

## **Areal og byggjesaker.**

Etaten har om lag 250 byggjesaker i sirkulasjon for handsaming. 30 – 50 av desse er planklare saker. Desse har me fram til no klart å prioritert, og det er desse som kjem inn under tidsfristen på 12 veker for handsamingstid. Det som stel tid er saker som er i strid med kommuneplanen og plan- og bygningslov, og her er me langt på etterskot.

## **Kart og oppmåling.**

For dette fagområdet er ressursane langt mindre enn dei oppgåver som ligg. Sist sommar låg det til handsaming ca. 40 mellombelse og 60 ikkje påstarta kartforretningar. For desse mellombelse kartforretningane er gebyra komne inn, men desse pengane vart dei tre åra med overskot på gebyr bruk til saldering av budsjettet. Pr. dags dato er det liten nedgang i tal ikkje handsama mellombelse kartforretningar, medan ikkje påstarta kartforretningar er 71.

Grunnen til dette stigande etterslepet er at fagpersonellet må ta seg av andre oppgåver styrt utanfrå. Det som spesielt har teke mykje tid er innføring av "ny matrikkel" og seinare lokal matrikkel for å kunna gjennomføra innføring av eigedomskatt. Det kan og nemnast at Staten har pådytta kommunane å få konvertert alle kartdata frå NGO-systemet til EUREF (gjeld blant anna alle jordskiftekart).

Kommunen bør vurdera å tilsetja fleire innan dette fagområdet. Dette også med tanke for rekuttering for framtida.